

# Kommuneplanen sin arealdel Bømlo kommune



Plandokument: 20.12.2023

Planomtale

---

## Innhald

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>RAMMER OG PREMISS FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>3</b>
3.1	FOLKETAL OG UTVIKLINGSTREKK .....	3
3.2	FN SINE MÅL FOR BEREKRAFT .....	5
3.3	NASJONALE OG REGIONALE RAMMER .....	6
3.4	LOKALE FØRINGAR.....	8
3.5	UTGREIINGAR OG RAPPORTAR I PLANARBEIDET.....	9
3.6	VIDARE ARBEID/ RULLERINGAR .....	9
<b>4</b>	<b>PLANPROSESSEN .....</b>	<b>11</b>
4.1	ORGANISERING OG ARBEID MED PLANEN .....	11
4.2	PLANPROSESSEN .....	12
4.3	HANDSAMING AV INNSPEL TIL PLANARBEIDET .....	13
<b>5</b>	<b>FOKUSOMRÅDE.....</b>	<b>14</b>
5.1	STRANDSONE .....	14
5.2	SENTERSTRUKTUR .....	19
5.3	BUSTADUTBYGGING .....	22
5.4	GJENNOMGANG GODKJENTE REGULERINGSPLANAR.....	26
<b>6</b>	<b>PLANFORSLAGET.....</b>	<b>28</b>
6.1	OM PLANKRAV .....	28
6.2	OM PLANKARTET .....	28
6.3	SKILDING AV NYE UTBYGGINGSAREAL.....	29
6.4	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	31
6.5	SJØOMRÅDA .....	33
6.6	OMSYN OG FARESONER.....	34
<b>7</b>	<b>AREALREKNESKAP .....</b>	<b>39</b>
<b>8</b>	<b>KONSEKVENsutGREIING OG ROS-ANALYSE .....</b>	<b>41</b>
<b>9</b>	<b>SAMLA VERKNAD AV PLANEN .....</b>	<b>44</b>
<b>10</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>47</b>

## 1 Innleiing

Kommuneplanen sin arealdel er Bømlo kommune sin overordna plan for arealbruk og -forvaltning. Saman med kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke i 2019 gir den viktige trekk ved samfunnsutvikling, føringar for kva satsingsområde kommunen skal ha framover, samt korleis areala i kommunen skal nyttast. Kommuneplanen sin arealdel skal vera eit tydeleg og føreseieleg styringsdokument for innbyggjarane i Bømlo, og har som føremål å utnytta arealpotensialet i kommunen til beste for utvikling i heile kommunen. Rulleringa av arealdelen føl opp dei grunnleggjande planprinsippa og overordna hovudutfordringane i samfunnsdelen. I tillegg ligg planstrategien, nye reglar, tekniske normer og planmateriale til grunn for arbeidet. Ein har også sett på utfordringar ved gjeldande arealdel frå 2013.

Arealdelen gir hovudtrekka for korleis areal skal nyttast, og set rammer og føresetnadar for nye tiltak og ny arealbruk. Kapittel 3 viser til rammer og premiss for planarbeidet. Vidare gir planen føringar for kva viktige omsyn som må takast i vare ved bruk av areala. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, føresegner og planomtale, samt vedlegg vist i kapittel 10. Det er plankartet og føresegnene som set dei juridiske føringane for arealbruken i kommunen. Planomtalen, konsekvensutgreiingar, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og andre rapportar/notat skildrar, analyserer og vurderer verknadane av ny plan. Desse er bakgrunnsdokumentasjon for dei juridiske dokumenta.

Revisjon av kommuneplanen er ein svært ressurskrevjande prosess. Kommunen har difor sett seg nøydd til å prioritere enkelte tema føre andre i denne rulleringa. Deltema strandsone er løfta fram gjennom å sette byggjegrænse til sjø eller spesifikt plankrav, sjå kapittel 5.1. I tillegg har kommunen jobba med tema senterstruktur, gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar, plankrav, bustadutbygging/-reserve og LNF-spreidd områda (sjå kapittel 5.2-5.4). Administrasjonen ser at det er andre tema som burde vore jobba meir med i denne rulleringa, men har innsett at dette må takast opp i seinare rulleringar. Dette er omtala i kapittel 3.6.

I samband med arbeidet er det motteke mange private arealinnspeil. Desse er konsekvensutgreidd, sjå vedlegg konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar, samt KU-light. Arealendringane er skildra kort i kapittel 6, og meir utfyllande i vedlegga Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, samt Overordna konsekvensutgreiing for sjøareala. I tillegg er det utarbeidd eit arealrekneskap som viser oversikt på arealføremåla og arealbruk sett i forhold til fagtema, sjå kapittel 7 og vedlegg Arealrekneskap. Kapittel 8 og 9 gir ei oppsummering av konsekvensutgreiing, ROS-analyse og samla verknad av planen. Kapittel 10 syner ein oversikt av kunnskapsgrunnlaget og vedlegg til kommuneplanen.



## 2 Bakgrunn



Bømlo kommune sin visjon, slagord og verdiar

Dei fleste stadane i Noreg har vakker natur. Slagordet til kommunen er likevel ikkje tilfeldig valt. I ei stor spørjeundersøking vart bømlingane spurt om kva fem ord som best kjenneteikna dei. Den soleklare vinnaren var ordet driftig. Bømlo har eit innovativt næringsliv kjenneteikna av skapar- og berekraft – heilt frå den første industriarbeidsplassen på Hespriholmen for 10.000 år sidan. Med sjø på alle kantar er mykje av industrien knytt opp mot fiske, oppdrett og sjøfart. Kopla mot den sterke gründertradisjonen og gjennomføringsviljen har det utvikla seg høgteknologiske miljø og mekanisk industri retta mot skipsfart, rederiverksemd knytt til fiske, frakt og offshoreindustri, samt ei ekspansiv havbruksnæring. Kombinasjonen av ei rekke verksemdar innan maritim industri, bygg & anlegg, handel og service gjer arbeidsplassane robuste i skiftande konjunkturar og marknader.

Gjeldande arealdel for 2013-2025 blei vedteken 18. mars 2013. Planprogrammet for revisjonen har peika på behov for å gå gjennom arealbruken, og då særskilt i strandsona. Gjeldande føresegnar til kommuneplanen sin arealdel treng også generell presisering og klargjering. Planprogrammet for rullering av kommuneplanen vart vedteke i kommunestyret 15.02.2021. Bømlo kommune sin noverande samfunnsdel vart vedteke i Bømlo kommunestyre 17.06.2019 - SAK PS 30/19. Rullering av samfunnsdelen er i oppstartsfasen.

## 3 Rammer og premiss for planarbeidet

### 3.1 Folketal og utviklingstrekk

1. januar 2023 var det registrert 12.132 innbyggjarar på Bømlo. Det har vore ei jamn auke i folketalet dei siste 10 åra, med nokre få år som unntak. Totalt har folketalet frå 2013-2023 auka med 494 innbyggjarar.

Tabell 1 Folketal per 1 januar i perioden 2013-2023. Kjelde: SSB

2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
11.638	11.749	11.761	11.778	11.806	11.902	11.960	11.957	11.953	12.061	12.132

SSB sine folketalsframskrivingar er berekningar av framtidig folketalsstorleik og -samansetnad. Utgangspunktet er ulike føresetnader om fruktbarheit, dødelegheit, flytting og inn- og utvandring. For å vise at folketalsutviklinga er usikker er det laga framskrivingar i ulike alternativ. Hovudalternativet (MMMM) er vurdert til å vera den mest trulege utviklinga gitt situasjonen ved framskrivingstidspunktet. Tabellen under viser SSB si folketalsframskriving for Bømlo kommune fram mot 2050, i tre ulike alternativ. Framskrivningane vart publisert i juli 2022.


Som vist i tabellen viser framskrivingane for hovudalternativet at folketalet vil minke jamt framover mot 2050. For alternativet «låg nasjonal vekst» vil folketalet minke kjappare enn for hovudalternativet, mens det for alternativet «høg nasjonal vekst» er ein auke i folketal fram mot 2050, til om lag 13 000 innbyggjarar.

		2025	2030	2035	2040	2045	2050
<b>Hovudalternativet (MMMM)</b>	0-19 år	3095	2821	2634	2554	2517	2503
	20-64 år	6550	6490	6314	6068	5900	5701
	65 år eller eldre	2424	2675	2983	3269	3417	3563
	<b>Totalt</b>	<b>12069</b>	<b>11986</b>	<b>11931</b>	<b>11891</b>	<b>11834</b>	<b>11767</b>
<b>Låg nasjonal vekst (LLML)</b>	0-19 år	3025	2647	2322	2080	1932	1847
	20-64 år	6514	6406	6174	5867	5601	5281
	65 år eller eldre	2417	2641	2914	3159	3262	3362
	<b>Totalt</b>	<b>11956</b>	<b>11694</b>	<b>11410</b>	<b>11106</b>	<b>10795</b>	<b>10490</b>
<b>Høg nasjonal vekst (HHMH)</b>	0-19 år	3166	2985	2893	2922	2969	3016
	20-64 år	6607	6602	6500	6333	6286	6234
	65 år eller eldre	2436	2709	3049	3379	3571	3772
	<b>Totalt</b>	<b>12209</b>	<b>12296</b>	<b>12442</b>	<b>12634</b>	<b>12826</b>	<b>13022</b>

Figur 1. Folketalsframskriving. Kjelde: [SSB](#)

I dag er det fleire personar i aldersgruppa 0-19 enn i aldersgruppa 65 år og eldre i kommunen. Fram mot 2050 vil dette endrast, og i følgje hovudalternativet til SSB vil det allereie innan ti år vera fleire personar over 65 år enn under 19 år i kommunen. Denne trenden er lik for alle dei tre alternativa.

Folketalsframskrivingane for Bømlo er i tråd med den nasjonale trenden; nemleg at det er bykommunane og områda rundt byane som er venta å vekse i åra framover. Folk vil generelt bu meir sentralt, og folketalsveksten er særleg tydeleg i folkerike strøk, på austlandet og rundt dei store byane. Trenden er vidare at heile Norge vert eldre på sikt, og sentraliseringa fører til sterkare aldring i utkantane. Mange unge flyttar til sentrale strøk, medan dei eldre vert buande i distriktet.



Figur 2. Alderssamansetnad og folketalsframskriving hovudalternativet 2025-2050. Kjelde [SSB](#).

I samband med revisjon av skulebruksplanen i 2021 fekk Bømlo kommune gjennomført ein analyse av m.a. folketalsprognose 2021-2036 (Norconsult 15.09.2021, Folketals-, elevtals- og førskulebarnprognose 2021-2036). Prognosen frå Norconsult ligg over alle SSB sine framskrivingsalternativ frå 2020 i heile perioden. Alle SSB-framskrivingane syner nedgang i folketalet dei næraste åra og det er berre det høge alternativet til SSB

som syner auke (frå 2025 og ut prognoseperioden). Auken som ligg i tala frå Norconsult er tufta på ei vidareføring av utviklinga i folketalet dei siste 4 åra og i første halvår 2021. I denne perioden har kommunen samla sett både hatt positivt fødselsoverskot og positiv nettoinnflytting. Rapporten frå Norconsult viser at folketalet i Bømlo kommune kan auke til om lag 12.400 personar ved årsskiftet 2036/37, og at det er venta gradvis aukande folketal i heile perioden. Litt lågare auke mot slutten av perioden skuldast lågare/negativt fødselsoverskot etter kvart som eldrebølgja slår inn.

Folkehelse Institutttet (FHI) sin [folkehelseprofil 2023](#) viser til at eigna bustad i eit godt bumiljø er eit fundament for helse og livskvalitet. Kommunen kan med verkemidla sine bidra til at alle innbyggjarane bur slik at dei kan leve gode liv. Bustaden må vere tilpassa behovet til den enkelte og vere i eit bumiljø som gir moglegheit for å delta i samfunnet, knytte kontakt med andre og å utvikle og utfalde seg. Eit bumiljø som gir moglegheit for deltaking og aktivitet, til dømes med tilgang på grøntområde, er viktig for alle og særleg for barn og eldre. Figuren under viser eit utdrag av folkehelseprofilen for Bømlo kommune 2023. Denne viser m.a. at kommunen har ein høgare andel born 0-17 år enn fylket og nasjonalt, medan andel over 80 år og personar over 45 år som bur åleine er lågare enn gjennomsnitt i fylket og nasjonalt. I tillegg viser statistikken at andel born som bur i hushald med vedvarande låg inntekt er lågare enn landsgjennomsnittet, medan andel ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er svært eller litt fornøgde med lokalmiljøet lågare enn landsgjennomsnittet. For meir informasjon sjå også SSB si side om [regionale befolkningsframskrivingar 2020-2050](#).

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Bømlo
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	23,7	21,0	20,4	prosent	
	2 Andel over 80 år	4,2	4,7	4,4	prosent	
	3 Andel 80 år+, framskriven til 2040	9,9	8,6	8,2	prosent	
	4 Personar som bur aleine, 45 år +	20,3	25,0	26,3	prosent	
	5 Befolkningsvekst	0,9	0,39	0,63	prosent	

Figur 3. Utdrag frå folkehelseprofil Bømlo. Kjelde: [FHI](#).

### 3.2 FN sine mål for berekraft

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekrafts-måla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling.



Samfunnsdelen til Bømlo kommune legg til grunn at FN sine berekraftsmål etter kvart skal vera gjennomgåande i planverket i Bømlo kommune, sjå kapittel 9. Bømlo kommune er samarbeidspartnar i forskingsprosjektet «Field of Goals» i regi av Nordlandsforskning, der forskingstema er korleis kommunar operasjonaliserer og jobbar lokalt med berekraftsmåla. Arealforvaltninga er ein viktig faktor for å kunna nå fleire av desse måla. Likevel skal det leggjast til grunn at Norsk lov skal gjelde og at kunnskap, kjennskap og nærleik til utfordringane i kommunane skal vere berande faktor i arbeidet framover.

### 3.3 Nasjonale og regionale rammer

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggjast til grunn for statlege mynde sin medverknad i planlegginga.

I Kommunal- og Moderniseringsdepartementet si orientering om *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*, vedteke ved kongeleg resolusjon 20.juni 2023, finn ein m.a. i forordet: «Regjeringen vil legge til rette for bosetting, næringsutvikling og et godt tjenestetilbud i bygd og by i hele landet. Det er særskilt viktig å sikre at det legges til rette for vekst og utvikling i områder med svak eller negativ befolkningsutvikling.

*Regjeringen har ambisiøse mål for klima, miljø og jordvern. Regional og kommunal planlegging er gode verktøy for å utvikle et mer bærekraftig samfunn og til å avveie interesser og hensyn...*

*Regjeringen forventer at fylkeskommunene og kommunene legger bærekraftsmålene, de nasjonale klima- og miljømålene og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanleggingen, og legger til rette for trygge, bærekraftige og levende lokalsamfunn i hele landet. Gode lokalsamfunn er grunnsteiner i en bærekraftig utvikling, og det er viktig å motvirke sentralisering som svekker lokale tjenester og tilbud. Levende distrikter er også avgjørende for å sikre matproduksjonen og at jordbruksarealene holdes i drift.*

*Regjeringen legger til rette for grønn omstilling og økt bærekraftig verdiskaping som gir lønnsomme arbeidsplasser i hele landet. Ressursgrunnlaget og kompetansen som finnes regionalt og lokalt er viktige fortrinn når nye og eksisterende næringer skal utvikles. Fylkeskommunene og kommunene har som planmyndigheter og samfunnsutviklere en viktig tilretteleggerrolle. Effektive og gode planprosesser er avgjørende for å lykkes med regjeringens mål om et grønt industriløft»*

Den nasjonale forventninga er delt inn i 5 overordna perspektiv:

- 1) Samordning og samarbeid i planlegginga, punkt 1-18  
Det er peika på at oppdaterte planar er nødvendig for å ta tak i aktuelle utfordringar og for å sikre at nasjonale rammar og mål vert følgt opp.
- 2) Trygge og inkluderande lokalsamfunn, punkt 19-30  
Ein føresetnad for eit sosialt berekraftig samfunn er at ein lykkast med å utvikle store og små byar, tettstadar og spreidd bygde strøk, slik at det er godt å bu, leve og arbeide der. Attraktive og godt planlagde omgjevnadar, tilgang til natur og varierte tilbod og møteplassar er viktig for identitet, folkehelse og miljø.
- 3) Velferd og berekraftig verdiskaping, punkt 31-44  
Planlegging er viktig verktøy for å legge til rette for grøne næringar og overgang til meir sirkulær økonomi, sikre god infrastruktur og medverke til omstilling i offentleg sektor. Heilskapleg planlegging er nødvendig for å sikre ressursgrunnlaget for utvikling av natur- og kulturbaserte næringar.
- 4) Klima, natur og miljø for framtida, punkt 45-62  
Langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet er avhengig av at mange omsyn vert teke i vare samstundes. Viktige tema vil vera naturmangfald, omstilling til klimarobust lågutslepp samfunn, langsiktige arealvurderingar for å minimere arealtap av natur og heilskapleg forvaltning av vassressursane.
- 5) Samfunnsikkerheit og beredskap, punkt 63-72  
Planlegging må legge til rette for at ny utbygging er trygg mot naturfarar no og i framtida sitt klima, og mot ulykke og anna samfunnsrisiko. Planlegginga må også sikre areal for matproduksjon og medverke til tilgang på reint og tilstrekkeleg drikkevatt, kraftforsyning og kommunikasjon.

I tillegg til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det vedteke fleire statlege planretningslinjer (SPR). Aktuelle retningslinjer er m.a.:

FOR-1994-11-10-1001: Rikspolitiske retningslinjer for vernaede vassdrag

FOR-1995-09-20-4146: Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

FOR-2009-09-04-1167: Statlige planretningslinjer for klima- energiplanlegging i kommunene

FOR-2011-03-25-335: Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen

FOR-2014-09-26-1222: Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Vestland (Hordaland) fylkeskommune sine regionale planar og rettleiarar er viktige og relevante for Bømlo sitt kommuneplanarbeid, og fleire av dei planane opphavleg utarbeida i Hordaland er vidareført i Vestland fylke.

For Bømlo er dei mest sentrale m.a.:

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, regional planstrategi
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 (under revisjon)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland, 2015-2026 (skal gjelde i +5 år)
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033
- Digital strandsone rettleiar for Vestland (Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland)
- Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, 2020
- Regional plan for folkehelse – fleire gode levekår for alle, 2014-2026
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional for kultur 2023-2035
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027

### 3.4 Lokale føringar

#### 3.4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Bømlo kommune sin samfunnsdel, #BØMLO2049, vart godkjent av kommunestyret i juni 2019. Samfunnsdelen inneheld tematiske målsetnader for ulike tema. Mange av desse vil ha arealmessige konsekvensar, til dømes sikring av trygge gang- og sykkelveggar kring lokalsentra, og helsefremjande bustad - og næringsområde. Alle kapitla i samfunnsdelen inneheld matriser som inneheld mål, strategiar («slik vil me ha det», «slik gjer med det») og arealstrategi/konsekvensar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel.

Samfunnsdelen har fastsett tre grunnleggjande planprinsipp:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn

Vidare er det peika ut fire hovudutfordringar for Bømlo kommune:

- Tilflytting, rekruttering og inkludering
- Naturbasert kystliv
- Bustadkvalitetar
- Differensiert og nyskapande næringsliv

#### 3.4.2 Planprogram for arealdelen si rullering

Det er lovfesta at kommunen skal starta prosessen med å rullera kommuneplanen sin arealdel med å laga eit planprogram. Dokumentet skal definera rammene for det vidare arbeidet i den tidlege fasen. Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Det skal avklara behov for kunnskap, og leggja fram opplegg for konsekvensutgreiing av endringar i arealbruken. Planprogrammet skal kort sagt etter beste evne skildra prosessen fram mot eit framlegg til plan slik at interessentar kan følja og påverka han. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel vart vedteke 15.02.2021 i kommunestyret. Sjå vedlegg Planprogram.

#### 3.4.3 Lokale planar

Bømlo kommune har vedteke at folkehelse skal vera eit førande prinsipp i all planlegging. Prioriteringar skal byggja på utfordringsbilete som er skissert i Oversiktsdokument for folkehelse. Bømlo kommune har også kommunedelplanar for m.a. områda Oppvekst og Helse-sosial-omsorg, Skulebruksplan 2014-2025 og ein Frivilligpolitisk plattform for 2020-23.

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er supplert og konkretisert gjennom kommunedelplanar, temaplanar og strategiar. Mellom anna er desse relevante i arealsamheng:

- Planstrategi 2021-2024
- Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032, inkl. vedlegg
- Kommunedelplan for vatn og avløp 2016-2045
- Trafikksikringsplan 2020-2024
- Folkehelse i Bømlo, 2019
- Skulebruksplan 2014-2025
- Heilskapleg ROS-analyse, 2021
- Strategisk Næringsplan 2011-2015

### 3.5 Utgreiingar og rapportar i planarbeidet

Det er utarbeidd følgjande analysar og rapportar som del av planarbeidet:

- Bustadoversikt 2021, Bømlo kommune
- Politisk saksframlegg om strandsona 2021-2022, Bømlo kommune
- Byggjegrænse 2023, Bømlo kommune
- KU-light 2023, Bømlo kommune
- Vurdering av gjeldande reguleringsplanar 2023, Bømlo kommune
- Senterstruktur 2023, Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar 2023, Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord
- Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse 2023, ABO Plan & Arkitektur Stord
- Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for sjøareal 2023, ABO Plan & Arkitektur Stord
- Arealrekneskap 2023, ABO Plan & Arkitektur Stord

### 3.6 Vidare arbeid/ rulleringar

Kommuneplanen sin arealdel skal ha ein tidshorisont på 12 år. Dette for å kunne legge ein langsiktig plan, men ikkje lengre enn det ein klarar å føresei då utviklinga i samfunnet skjer raskt. Sjølv om arealdelen no ser 12 år fram i tid vil det vera naudsynt å oppdatere heile, eventuelt deler av, planen oftare enn dette. Kommunen har erkjent at å rullere heile kommuneplanen for sjeldan for alle tema samstundes er særskilt ressurskrevjande. Bømlo kommune ønskjer difor å gjennomføre rulleringar for aktuelle deltema framover. Mellom anna har ein ila. prosessen sett behov for rullering innan tema vist under. Dette er fagtema og delrullering av kommuneplan som bør bli løfta fram politisk, både under og etter ny arealdel er ferdig.

#### Overordna bustadstrategi og senterstruktur

Bømlo kommune har eit stort bustadoverskot i gjeldande kommuneplan sin arealdel og i reguleringsplanar. Det er gjennomført ei enkel vurdering av ubygde og uregulerte bustadføremål i denne planprosessen, men kommunen ser at det er behov for ein meir omfattande prosess for dette temaet. Dette inneber prosessar m.a. med utbyggjarar og grunneigarar, samt analysar kring arealpotensial og -egnaheit.

Ei særskilt relevant problemstilling er korleis ein kan sikre berekraftige nabolag og bustadmiljø når det vert betydeleg fleire eldre i dei kommande åra. Tilgang til meir varierte bustadtypar kan vere avgjerande for at folk og bedrifter enkelt kan etablere seg og bli verande i ein kommune eller arbeidsmarknadsregion. Forhold til bustadtopologi og korleis ein i arealplanlegginga kan legge til rette for framtida med m.a. fleire eldre, einslege, samt arealutnytting sett i lys av klima- og naturkrisa, er moment som bør løftast fram i arbeidet.

Det ønskjeleg å utarbeide områdeplanar for kommune og lokalsentra og fokusere på viktige ålmenne identitetar/ lokalitetar. Detaljplan for Moster/Mosterhamn er under arbeid. Vestland fylkeskommune har starta revisjon av Regional plan for attraktive senter i Hordaland, 2015-2026 (skal gjelde i +5 år). Kommunen sitt vidare arbeid med senterstruktur kan med fordel gjennomførast parallelt eller i etterkant av fylkeskommune sin revisjon av regionalplanen.


#### Næringsanalyse og -strategi

Kommuneplanen sin samfunnsdel slår fast at kommunen i framtida skal halde fram med å ha «fleire bein å stå på». Å vidareforedle «gründerkulturen» og legge til rette for tilflytting er viktig. Folkehelseoversynet syner at i eit berekraftig samfunn i framtida, er det viktig å ta vare på dei unge, og vere attraktiv for personar som ønskjer å bu på Bømlo. Såleis er god næringsutvikling relatert til arealdisponering, men også relevant for oppvekst, skule, undervisning etc.

Omstilling til grøn konkurransekraft og bioøkonomi vil verta viktig framover. Fylkeskommunen starta i 2020 eit større arbeid kalla Grøn region Vestland. Prosjektet arbeider saman med kommunar og lokale aktørar for å

oppdage forretningsmoglegheiter i dei ulike regionane i fylket for å realisere potensialet for grøn omstilling i fylket. I 2021 vart det gjennomført eit prosjekt spesifikt for Sunnhordlandsregionen, i samarbeid med kommunane. Rapporten synleggjer framtidas potensiale innan grøn næringsutvikling, og vert viktig å ha med seg i det vidare arbeidet med næringsutvikling i Bømlo kommune.

Bømlo kommune sin Strategisk Næringsplan 2011-2015 bør få ei større revidering, som inkluderer ei overordna næringsanalyse. Dette er eit arbeid som er tenkt gjennomført som del av rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Utarbeiding av overordna handelsanalyse er også noko som kommunen ønskjer å jobba med framover, gjerne som eit interkommunalt arbeid med tilgrensande kommunar. Det er naturleg å sjå dette arbeidet i samanheng med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. I tillegg, er oppdatering av kommunen sin landbruksplan noko ein ønskjer å jobba med. I denne planen bør vurderingar og strategiar kring jordvern, mattryggleik og klimagassreduksjon vera særlege tema.



#### Kommunedelplan for sjøområda

Bømlo kommune har lang tradisjon som fiskeri- og oppdrettskommune. Planprogrammet og samfunnsdelen er klår på at det ønskjer kommunen å fortsetje å vera.

I dagens kommuneplan frå 2013 er det om lag 90 areal avsett til akvakultur i sjø og på land. Det er 36 aktive/godkjente lokalitetar ihht. Akvakulturregisteret per august 2023. Akvakulturføremåla i gjeldande kommuneplan frå 2013 er i hovudsak vidareført frå førre kommuneplan. Fleire av areala er relativt små og ligg tett på land. I den siste tida er trenden at oppdrettslokalitetane for laks og aure vert større og plassert lengre frå land. Samstundes er oppdrettsnæringa i ei tid med fokus på produksjon av andre artar og utvikling av teknologi. Dette gir grunnlag for andre område og naturgitte forhold enn dei tradisjonelle opne oppdrettslokalitetane.

Fiskerinæringa er aktiv og viktig i Bømlo kommune. I kommuneplan frå 2013 er fiskeplassar, låssettingsplassar og gyteområde avsett til fiskeriføremål eller i kombinasjon med andre føremål. Bømlo kommune har også ei sentral plassering i høve til ferdsel på sjø (farlei), fleire ankrings- og opplagsområde, samt ISPS-hamner og fiskerihamner. I samband med planprosessen med ny kommuneplan er det gitt opplysningar om pågåande prosessar hos Fiskeridirektoratet, Kystverket, samt innspel frå lokale fiskarar på arealavgrensingar for fiskeridata og ankringsområde.

Bømlo kommune har i denne planrulleringa ikkje sett på alle problemstillingar for sjøområda. Det er behov for særleg kompetanse, kunnskapsgrunnlag, samt ressursbruk for å ta hand om desse fagområda. I denne rulleringa er det gjennomført konsekvensutgreiing for innspel om arealendringar, samt møte mellom kommune, Fiskeridirektoratet, lokale fiskarar, fiskarlag og oppdrettsnæringa. Bømlo kommune ønskjer å gjennomføre ein eigen delrevisjon av sjødelen av kommuneplanen, med fokus på akvakultur og fiskeri. I denne prosessen er det også naturleg at forhold til ferdsel, ankring og opplagsområde også vert gjennomført. Det kan også vera aktuelt å samarbeide med nabokommunane om ein interkommunal plan for sjøområda.

## 4 Planprosessen

### 4.1 Organisering og arbeid med planen

#### Formell organisering

Arbeidet med rullering av arealdelen er organisert som eit prosjekt kor kommunestyret er oppdragsgjevar. Prosjekteigar er kommunedirektøren. Prosjektleiari er fagansvarleg på arealplan.

Mynde for utlegging av kommuneplan er delegert til Formannskapet. Undervegs i utarbeidinga er det førelagt nokre prosessvedtak, jfr. kapittel 4.2., til Utval for areal og samferdsel som har fungert som ei utvida, fullpolitisk styringsgruppe.

Mynde for vedtak av ferdig kommuneplan ligg hos kommunestyret.

#### Styringsgruppa

Styringsgruppa si rolle er å avklara organisering, prosess, framdrift, bemanning og ressursbruk, samt å ta stilling til planprogram og kommuneplan før politisk handsaming.

I utarbeiding av planprogrammet var styringsgruppa nedsett som ei politisk (fire folkevalde: ordførar, varaordførar, to andre representantar) og administrativt (strategisk leiargruppe) samansett gruppe. Dei tillitsvalde var også representert i styringsgruppa.

Etter planprogram vart vedteke har styringsgruppa hatt ein anna samansetnad, men framleis med representasjon frå både politisk og administrativ nivå. Styringsgruppa har bestått av 4 folkevalde frå utvalet Areal og samferdsel og 3 representantar frå administrasjonen.


#### Administrativ prosjektgruppe

Prosjektgruppa har bestått av:

- Renate Torkelsen, fagansvarleg planavdelinga
- Rakel Friis, planavdelinga
- Lise Notland, Konstituert avdelingsleiar Arealbruk
- Tone Stavland, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Alf Helge Greåker, samfunnsplanleggjar
- Njål Gunnar Slettebø (tom. 1. april 2023)
- Elisabeth Gjerde (tom. 1. februar 2023)
- Thorleif Lea (tom. 1. juni 2022)

I arbeidet med kommuneplanen, etter vedtak av planprogrammet, har ABO Plan & Arkitektur Stord vore innleigd plankonsulent. Dei har bistått i deloppgåver knytt til planomtale, plankart, og føresegrer, samt konsekvensutgreiing og senterstruktur. Bømlo kommune sin administrasjon har m.a. utarbeida notat for byggjegrænse, samt gjennomført vurderingar kring plankrav, LNF-spreidd bustadområde og gjennomgang av godkjente reguleringsplanar. Sjå oversikt i kapittel 3.5.

## 4.2 Planprosessen



Figur 4. Planprosess.

Administrasjonen har hatt interne møter og statusoppdateringar undervegs i prosessen, både internt på seksjon samfunnsutvikling men også opp mot andre seksjonar i kommunen. Det er også gjennomført fleire arbeidsmøte i samband med arbeid med innspel, byggjegrøse, føresegner mm.

Den politisk styringsgruppa har jobba tett med administrasjonen. Det har vore jamlege orienteringar om framdrift og status. I tillegg har styringsgruppa vore involvert i deloppgåve som siling av arealinnspel, utarbeiding av byggjegrøse og notat om senterstruktur. Dei har også vore deltakande i Planforum.

I tillegg til interne og politiske prosessar er det gjennomført følgjande medverknad:

- To møte i planforum i regi av Vestland Fylkeskommune.  
08.03.2022 med hovudfokus på tema strandsone og byggjegrøse mot sjø i KPA.  
19.09.2023 med hovudfokus på byggjegrøse mot sjø, senterstruktur, akvakultur og arealrekneskap.
- Arbeidsmøte med Statsforvaltar i Vestland, 17.03.2022. Tema for møte var oppfølging rundt tema strandsone og byggjegrøse mot sjø.
- Arbeidsmøte tema fiskeri og akvakultur 14.09.2022. Drøftingsmøte med oppdrettsnæringa og fiskarlaga om innspel til nye og endring av akvakulturområda. Her deltok også representantar frå Vestland Fylkeskommune og Fiskeridirektoratet. Dei akvakulturområda som fiskarlaga meinte var i konflikt med viktige trålfelt er ikkje teke inn i planframlegget.
- Møte med bygge- og anleggsnæring (14.09.2023 og 22.09.2023) med fokus på informasjon om planprosessen og dialog kring forslag til nye føresegner

Politiske vedtak undervegs i prosessen	
<b>Vedtak planprogram</b>	15.02.2021, kommunestyret
<b>Varsel om oppstart av rullering</b>	20.03.2021
<b>Grovsiling av innspel</b>	06.04.2022, Utval for areal og samferdsel
<b>Vurdering av byggjegrøse</b>	22.03.2023, Utval for areal og samferdsel

### **4.3 Handsaming av innspel til planarbeidet**

Ein har i prosessen motteke om lag 350 arealinnspel innan dei fleste føremål, inklusiv innspel som er motteke før varsel om oppstart.

#### Grovsiling av innspel

Planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel omtalar korleis prosessen rundt innspel til kommuneplanen sin arealdel skal handsamast. Dokumentet legg opp til moglegheit for grovsiling av innspel. Det er trekt fram detaljnivå, og gjeve ei liste med kriterium for siling etter ein trafikklysmoell med grønt eller raudt lys.

For kvar enkel arealendring i kommuneplanen skal det vera gjort ein grundig vurdering av konsekvensane av endringa. På grunn av mengde arealinnspel er det gjennomført ei første grovsiling av innspela. Dette for å avgrense omfang av areal som skal konsekvensutgreiast på detaljnivå. I grovsilinga er innspela vurdert etter like vilkår og prinsipp, og konklusjonen grunngjeve. Informasjon frå arbeidet med siling av innspela finn ein her: [Grovsiling og trafikklysvurdering av innspel](#). Utval for areal og samferdsel vedtok i møte 06.04.2022 å godkjenne administrasjonen sitt framlegg til grovsiling av innspel. Av dei om lag 350 innkomne innspela er det gjennomført konsekvensutgreiing av om lag 125 innspel.

#### Konsekvensutgreiing innspel

Dei 125 innspela som er konsekvensutgreidd er sortert og slått saman der det er naturleg. Ein del av innspela er tilrådd positivt med ei justering av arealføremålet eller type føremål. Utover dette er det vurdert at det ikkje er naturleg å legge fram alternative planløyningar for kommuneplanen sin arealdel. For meir detaljar sjå vedlegga Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar, samt KU-light.

## 5 Fokusområde

Bømlo kommune har hatt særleg fokus i denne rulleringa av kommuneplanen på tema strandsone, senterstruktur, bustadbygging og godkjente reguleringsplanar. Arbeidet med desse fokusområda er starta på i denne planen og vil vera naturleg tema for vidare planlegging i kommunen, samt rulleringstema også for framtidige kommuneplanar.

### 5.1 Strandsone

Strandsona har i lang tid vore avgjerande for levesettet i kommunen, til næring, busetjing og som opphaldsstad for folk. Området er i tillegg ei viktig overgangssone mellom sjø og land for mange artar i naturen, ei sone der mange kulturminne og -miljø er lokalisert, og områda er viktige for friluftsliv og rekreasjon. Miljømessig bærekraft med fokus på natur, landskap og kulturmiljø, samt sosial bærekraft for friluftsliv og kulturmiljø er særskilt viktig for strandsona. FN sine bærekraftsmål nummer 14. Livet i havet, 15. Livet på land og 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn står sentralt.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (2017) omhandlar 4 fagtema, der strandsone er eitt av desse. Hovudmålet med kystsoneplanen er at kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning. Delmål for strandsona er at den skal ivareta eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta interesser og unngå uheldig utbygging. Vidare gir regionplanen retningslinjer generelt for nye tiltak i strandsona. Vestland fylkeskommune sin digitale strandsonerettleiar er også eit kunnskapsgrunnlag for strandsoneforvaltning.

Strandsona er eit prioritert tema i plan- og bygningslova. Lova gjev eit generelt byggjeforbod i 100-metersbeltet når kommunen ikkje har sett byggjegrense til sjø i arealdelen til kommuneplanen. Lova seier òg at det i vidare planlegging skal takast særleg omsyn til verdiane i 100-metersbeltet langs sjøen, som til dømes natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen stør opp om føringane i plan- og bygningslova for forvaltning av strandsona. Retningslinjene legg opp til geografisk differensiering, der vernet vert gjort strengare i sentrale område med stort press på areal.

Bømlo kommune er klassifisert i sone 3 i dei statlege planretningslinjene (SPR) for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Kommunar klassifisert i sone 3 er område med mindre press på areala. Føringane i SPR for strandsona legg opp til ei differensiert forvaltninga av strandsona og at dette primært skal skje gjennom planlegging, og då først og fremst gjennom kommuneplan. Sjølv om Bømlo er klassifisert i sone 3 og ein stor del av strandsona er klassifisert som potensielt tilgjengeleg, (ref. SSB [potensielt tilgjengeleg](#)), er det område med stort press på strandsona i store delar av kommunen. Dette skuldast at ein stor del av busetnaden er plassert i attraktive område med god tilgang til sjø. Historia til Bømlo er sterkt kopla til sjø og strandsona og såleis er bygdene og sentera, med unntak av Svortland, lokalisert tett på sjøen. I områda med mykje utbygging er presset på strandsoneareala for ytterlegare nedbygging og reduksjon av ålmenn tilgjenge stort. Strandsona er attraktiv for utbygging til t.d. bustadar, hytter, naust, næring/turisme, samtidig som den er attraktive for allmenn ferdsel og friluftsliv, natur, kulturarv og landskap. Det knyter seg viktige allmenne verdiar for både bruk og vern til desse områda, og areal og tilgjenge er ein knappheit. Det er gitt strenge føringar nasjonalt og regionalt for å unngå uheldig utbygging, t.d. der mange enkelttinggrep påverkar natur- og kulturlandskapet over tid, og forringar kvalitetane i områda. For meir detaljar og rettleiing sjå Vestland fylkeskommune sin [strandsonerettleiar](#).

### 5.1.1 Arealstatus

Bømlø kommune består av om lag 1000 øyar og holmar. Dei største øyene utover Bømlø (Bømmeløy) er Goddo, Hiskjø, Espevær, Moster, Spissøy og Hespriholmen. Samla areal i kommunen er om lag 246,5 km<sup>2</sup>, fordelt på landareal ca. 235,5 km<sup>2</sup> og vatn/sjø ca. 11 km<sup>2</sup>. Kystlinja i kommunen er i overkant av 1100 km.


Strandsonebeltet (100-meter) utgjør om lag 43 km<sup>2</sup> av kommunen sitt areal med fastlandssamband. I følge statistikk hos SSB er om lag 25 % av 100-metersbeltet i kommunen definert som inngrepsnært areal og 75 % definert som potensielt tilgjengeleg (Definisjon SSB: *areal som ikke er bygningsnært, det vil si nærmere enn 50 meter fra nærmeste bygg. Ikke dyrket mark, eller beslaglagt vei eller jernbaneareal. Øyer uten fastlandsforbindelse i form av bru eller bilferge er ikke medregnet. Vannflater er ikke inkludert i strandsonearealet i statistikken over arealstatus i strandsonen*).

Potensielt tilgjengeleg strandsone er delt inn i 4 klassar ut frå helling på terrenget, noko som syner kor enkelt det er å ferdast/opphalda seg innanfor areala. Av den strandsona som er definert som potensielt tilgjengeleg er om lag 6 % lett tilgjengeleg (under 3 grader helling), om lag 24 % er godt tilgjengeleg (3-10 grader helling), om lag 49 % er definert som middels tilgjengeleg (10-25 grader helling) og om lag 20 % er vanskeleg tilgjengeleg og bratt (over 25 grader helling).

	2010	2015	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Inngrepsnært areal, daa</b>	9.907	10.282	10.358	10.415	10.475	10.512	10.577	10.619
<b>Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal, daa</b>	33.026	32.651	32.575	32.518	32.458	32.421	32.356	32.314
<b>%-vis inngrepsnært areal</b>	23 %	24 %	24 %	24 %	24 %	24 %	25 %	25 %
<b>%-vis potensielt tilgjengeleg strandsoneareal</b>	77 %	76 %	76 %	76 %	76 %	76 %	75 %	75 %

Figur 5. Strandsoneareal på fastlandet inkl. øyar med fastlandssamband. Kjelde [SSB](#).

Det er registrert om lag 5.800 bygningar i strandsonebeltet mot sjø i kommunen (kjelde SSB). Av desse er det naustbygningar som dominerer, med om lag 2.750 bygg (ref. figur under: garasje og uthus til bustad). Det er også ein god del bustadar innanfor 100-metersbeltet, om lag 1.370 stk. For Bømlø som hyttelokasjon er tilgang til sjø hovudattraksjonen, og tal fritidsbustadar innanfor 100-metersbeltet er om lag 625 einingar. Dette utgjør om lag 60 % av alle fritidsbustadar i kommunen (totalt 1039 hytter og heilårsbustadar/våningshus nytta som fritidsbustad). Figuren under viser endring i tal bygningar i frå kommuneplan 2013 og fram til 2023. I 2013 var det registrert om lag 4900 bygningar i strandsona, og den største auken i tal bygningar er knytt til kategorien som inkluderer naust.



Figur 6. Bygningar i strandsona i 2013 og 2023. Kjelde: SSB, [byggjeaktivitet i strandsonen](#).

Kommunen har lengre delstrekk i strandsona i kommunen som er utan inngrep, definert som potensielt tilgjengeleg. Bygg og tiltak er i stor grad knytt til senterområde og lokale bygder, som t.d. Espevær, Langevåg, Lykling, Finnås, Moster, Håvik, Foldrøy, Rubbestadneset/Innværfjorden, Meling, Øklandsvåg, Urangsvåg, Rolvsnes og Brandasund. I desse områda er ein stor del av tiltaka plassert heilt i sjøkanten.

### 5.1.2 Plangrep

I plan- og bygningslova er 100-metersbeltet ei generell grense med særlege restriksjonar i høve til bygging og ålmenta sine rettar, eit byggjeforbod. Plan- og bygningslova og tilhøyrande statlege retningslinjer, gir kommunane høve til ei lokal vurdering av forvaltninga, ved t.d. å vurdere type tiltak, sette byggjegrænse etc.

#### Generelt

Nasjonale føringar og m.a. Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (2017) med retningslinjer gir føringar for at nye utbyggingsområde som hovudregel ikkje skal lokaliserast i 100-metersbeltet mot sjø, dersom det ikkje er naudsynt for arealet sin funksjon eller bruksområde. Føringane seier vidare at areal til bustad/sentrum/næringsutvikling skal prioriterast føre areal til fritidsføremål, at nye tiltak bør skje mest mogleg konsentrert, at større samanhengande inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak og at nye tiltak/utviding bør trekkast lengre vekk frå sjø enn eksisterande bygningar. Det er også eit krav om at ein ved revisjon av kommuneplanar skal vurdere om føremål i tidlegare kommuneplan eller reguleringsplan er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsona. I rulleringa av kommuneplanen er desse føringane lagt til grunn, og planrevisjonen er eit steg på vegen til å rydde i og oppdatere eksisterande kommuneplan og reguleringsplanar.



I ny kommuneplan er det for nye og eksisterande utbyggingsføremål i strandsona sett byggjegrænse eller plankrav i plankart eller gjennom føresegnene. Byggjegrænse og føresegnene gir i hovudsak grunnlag for at nye tiltak/utvidingar vil skje lengre vekk frå sjø enn eksisterande bygningar og tiltak. Vidare er det sett rammer i føresegnene for høgde, volum og kvalitet som gir grunnlag for at nye tiltak får ei god estetisk og arkitektonisk utforming, avgrensa terrenngrep og optimal massebalanse. Vidare er det rammer for å sikre allmenn tilgang i strandsona i form av promenade/friområde, og å samle tiltak i sjø til fellesanlegg.

For detaljar kring konsekvensutgreiing av arealendringar sjå vedlegg. Arealendringar i strandsona er i hovudsak tilrådd positivt dersom areala har ein samfunnsnytte (t.d. næring), ikkje av privat karakter (privat karakter er t.d.

fritid) , treng å ligge ved sjø (t.d. naust/kystfiske) eller er lokalisert i tilknytning til etablerte tiltak/bygg (særleg ved vurdering av naust). Det er også lagt vekt på behov for areala ved t.d. om nye naustområde er knytt til eksisterande eller framtidig byggjeområde, samt om det er ledig kapasitet i godkjente utbyggingsareal i nærområdet. I ny kommuneplan er ein del eksisterande og dei fleste nye areal tilpassa i høve til registrerte verdiar, som t.d. nokre bustadføremål i kommuneplan frå 2013 er redusert i omfang, samt at private arealinnspelet er avgrensa i høve til opphavleg storleik på innspelet.

Framtidig arealbruk i strandsona skal avklarast heilskapleg og langsiktig i kommuneplanen. Strandsoneforvaltninga gir at kommunen skal vurdere behovet for utvikling av eksisterande arealbruk og behovet for tilpassing av eventuell ny utbygging. Kommunen må vurdere om tidlegare vedtekne, ikkje utbygde område for utbygging i strandsona skal oppretthaldast eller takast ut av planen. I denne kommuneplanrulleringa har ein gjennomført vurdering av gjeldande reguleringsplanar (sjå kap. 5.4 og rapport for fastsetjing av byggjegrænse til sjø, 2023), samt ei enkel vurdering av eksisterande bustadområde (kap. 5.3.3). Det er ikkje gjennomført slik vurdering for andre arealføremål, utover arbeidet med å setje byggjegrænse og/eller plankrav.

### Byggjegrænse og 100-metersbeltet

Mange bygg og tiltak i kommunen er lokalisert i 100-metersbeltet. I kommuneplan frå 2013 er det sett generelle byggjegrænser til sjø i føresegnene for eksisterande og framtidige føremål for bustad, fritid, LNF-spreidd, samt naust. Nasjonal og regional rettleiing er tydeleg på at det ikkje skal setjast generelle byggjegrænser til sjø i nye planar. Alternativet til generelt byggeforbod i 100-metersbeltet er å kartfeste ny byggjegrænse i kommuneplan eller reguleringsplan. Kommunen har difor gjennomført eit stort arbeid knytt til fastsetjing av byggjegrænse til sjø, for detaljar sjå vedlegg Rapport for fastsetjing av byggjegrænse til sjø i kommuneplanen sin arealdel (2023).

I arbeidet med byggjegrænse til sjø i kommuneplanen er det gjort ei vurdering av alle utbyggingsføremåla i strandsona i kommuneplanen og for område med reguleringsplanar utan byggjegrænse til sjø. I samband med arbeidet er det også gjort ei vurdering av om det er meir hensiktsmessig å sette krav til reguleringsplan enn å setje byggjegrænse. Plankrav vil i enkelte område sikre strandsoneverdiene i enno større grad gjennom detaljerte lokale tilpassingar og eit breiare kunnskapsgrunnlag.

For areal som ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men utanfor byggjegrænsa er det bygge- og deleforbod, jf. plan- og bygningslova (ref. døme i figur 7). Dette inneber at søknad om tiltak i desse områda krev dispensasjon frå plan- og bygningslova, samt kommuneplanen. Føresegnene gir unntak frå dette for konkrete tiltak. Desse føringane gir grunnlag for å kunne etablere små tiltak eller tiltak knytt til ålmenta si bruk av strandsona i friluftsfriområde, flytebyggjer-/anlegg, vedlikehald av eksisterande bygg og tiltak, samt utfylling i sjø og kai 3 meter utanfor byggjegrænsa (sjå forklaring under tema naust og småbåtanlegg).

Gjennomgangen av alle byggjeføremåla i 100-metersbeltet inneber ei konkret og lokal vurdering av tilhøva på staden. Byggjegrænsa mot sjø er differensiert, og sett i lys av ulikt byggjepress i kommunen. I rapporten frå arbeidet er generelle prinsipp og vurderingane for dei konkrete delområda skildra. Sjå figur under for døme på fastsetjing av byggjegrænsa. Byggjegrænsa er sett ut frå konkret vurdering i kvart enkelt område og i tilfella der byggjegrænsa ikkje er sett i fasade på bygning gir det opning for mindre tiltak nærmare enn dagens bygningar. Dette er vurdert konkret og gjort bevist i område der kommunen meiner det er tilrådeleg.



Figur 7. 100-metersbeltet er synt med rosa stipla linje. Byggjegrænse synt med rød linje. Innanfor byggjegrænse er det tillate med ny utbygging. Det er byggjeforbod jf. pbl., på areal innanfor 100-metersbeltet og utanfor byggjegrænse.

### Fritidsbustad

Bømlo kommune har hatt tradisjon for å byggje hytter heilt i sjøkanten, i kommuneplan frå 2013 kalla rorbuer. I ny kommuneplan er dette omgrepet teke ut, og ein nyttar fritidsbustad om alle typar hytter. Likevel er føresegnene, slik som i kommuneplan frå 2013, differensiert med omsyn til hytter som ligg heilt i sjøkanten og hytter lenger inne på land. Føringar for volum, høgde, takvinkel, terrasse, grillhytte/bod/uthus og kommunen sin praksis av handtering av føresegnene er vidareført frå kommuneplan frå 2013. Der det i kommuneplan frå 2013 er føremål småbåtanlegg utanfor fritidsføremålet, er dette vidareført.

I den nye planen er det ikkje teke inn nye ubygde fritidsbustadareal innanfor 100-metersbeltet. Det er opna for mindre utvidingar/justeringar knytt til etablerte og bygde fritidseigedomar. Sjå vedlegga Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar og Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for detaljar.

### Naust og småbåtanlegg

Det er ein sterk nausttradisjon på Bømlo. Det er ikkje tillatt med permanent overnatting i naust. Føresegnene vidarefører moglegheit for å etablera våtrom. Føresegnene har generelle føringar for naustføremålet og enkeltnaust. Føresegnene gir rammer for tradisjonelle naustbygg som er frittstående med øvre ramme for storleik, høgde og utforming, i tråd med føringane i regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (2017). Naustområde med fleire bygg i rekke kan verta estetisk monotont og dominerande. Retningslinjene signaliserer difor at enkeltnaust bør vera frittliggjande og at *utradisjonelle* utformingar kan vurderast gjennom reguleringsplan der det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar. I Regional Kystsonenplan (2017) og Digital strandsonerettleiar for Vestland (VLFK) er det vist døme på gode naustområde der bygga er brote ned i ulike storleikar og høgde.

I tillegg til enkeltnausta er det gitt rammer for fellesnaust i føresegnene. Dette er eit nytt omgrep, og intensjonen med fellesnaustet er at det skal innehalde fleire mindre separate einingar/boder som gir mindre arealbeslag per eining og mindre privatisering. Dette gir grunnlag for felles infrastruktur og at fleire har moglegheit til å ta i bruk strandsona. Fellesnaustet skal vera frittliggjande og brytast opp ved bruk av material/utforming/ nedtrappa fasade, for å dempe inntrykket av potensielt større bygg.

Naustføremåla i kommuneplanen kan omfatte areal både på land og i sjø. Dersom naustføremålet er trekt ut i sjø gir føresegner, saman med byggjegrænse, at utfylling og kaiar i hovudsak ikkje kan etablerast lengre enn 3 meter ut frå byggjegrænse/dagens kystkontur. Byggjegrænse regulerer plassering av bygningane.

Det er ein del større eldre og historiske naust og sjøhus i kommunen. Fleire av desse ligg på eit lågt kotenivå, og ligg såleis utsett til med omsyn til havnivåstigning og framtidig stormflo. Retningslinjene gir at desse kan

hevast frå flomålet slik at dei stettar krava til gjeldande tryggleiksnivå. Det er skilje på rehabilitering og hovudombygging, og kva som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og ikkje. Kommuneplanen regulerer ikkje dette og det må avklarast med byggesaksavdelinga før tiltak vert gjennomført.

Arealendringar knytt til naustareal i den nye kommuneplanen er i stor grad knytt til etablerte bygg og tiltak, etablerte naustområde eller endring av utbyggingsføremål til naust. Dei fleste av dei nye areala er utviding av allereie etablerte naustområde. Alle større naustinnspel som ikkje ligg i tilknytning til etablerte naust-/bustad-/fritidsbustadområde eller har etablerte tiltak, er tilrådd negativt i konsekvensutgreiinga.

## 5.2 Senterstruktur

Det er utarbeidd rapport for senterstruktur Bømlo kommune, sjå vedlegg. Føremålet med rapporten er å danne grunnlag for å definere senterstrukturen i kommunen, i tillegg til at den har vore nytta som grunnlag for konsekvensutgreiing av enkeltinnspel.


Regional plan for attraktive senter gir føringar for at det i samband med kommuneplanarbeidet skal utarbeidast ein senterstruktur i kommunen som er tilpassa lokale tilhøve. Bømlo har som mål å vera ein grøn kommune der alle skal ha rik tilgang på blå og grøne områder. Det er i lokalsentera ein har best moglegheiter for å fremje kystlivet når det skal utviklast bustadområde, tilføre kvalitetar i sentrum, tenester og arbeidsplassar. Samordna bustad- areal- og transportpolitikk er eit sentralt verktøy for å prioritere arealbruk. Å utvikle lokalsentera innanfrå og ut og satse på utbygging der det allereie er god eksisterande infrastruktur er viktige prinsipp for å gjera sentera attraktive og levande. Det er mellom anna i lokalsentera kommunen kan tilby innbyggjarane ein kortreist kvardag med berekraftig sosial infrastruktur som skule, barnehage og butikk.

Ein føresetnad for at sentrum skal verta opplevd som attraktiv er at flest mogleg tilbod og funksjonar, som handel, service, og kultur, er lokalisert i sentrum. Sentral plassering av publikumsretta offentlege tenester er viktig. For at eit senter skal fungere som ein møteplass må det opplevast trygt, inkluderande og tilgjengeleg. Ungdomane treng ein stad «å henge», der det ikkje kostar noko å kome inn. Barnefamiliar treng aktivitetsområde og alle treng benkar, toalett og samlingsplassar der dei kan setje seg ned og møte andre. Fortetting i etablerte utbyggingsområde er eitt av hovudgrepa som skal til for at folk skal velje å gå eller å sykle i staden for å køyre bil.

I ei tid med store endringar i demografien er det naudsynt å endre måten ein driv tenester på, og kor ein utviklar nye tenester. I løpet av få år vil også Bømlo få eit stort tal eldre. Mange av dei med høgast alder vil ha behov for omfattande hjelpebehov og døgnpleie. Stadig fleire også i yngre årsklassar treng kommunale tenester. Dei fleste ønskjer å få desse tenestene i eigen heim slik at dei kan bli buande i kjente omgivnader og i nærmiljøet. Dette stiller krav til fleire lettstelte og tilgjengelege bustadar, både for dei som bur der og for dei som skal utføre tenester. Det er også viktig at slike bustader ligg sentralt til i høve daglegvarebutikk, kollektivtransport m.m. Då kan den enkelte i større grad klare seg sjølv lengre og det er enklare å ivareta eit sosialt og aktivt liv. Ein annan nasjonal trend som truleg gjer seg gjeldande også på Bømlo, er auke i talet på einslege og einslege med barn. For denne gruppa vil det kunne ha stor tyding i kvardagen å bu sentralt og tett på kollektivsystem og skular/barnehagar. Dette er også ei gruppe som ofte har mindre kjøpekraft enn familiar med to vaksne, og som difor treng billigare bustader.

### 5.2.1 Senterstruktur Bømlo

Senterstrukturen for Bømlo har teke utgangspunkt i etablert kommunesenter, lokalsenter og nærsenter, med etablerte tilbod som handel, næring, skule, frisør etc.. Vidare planlegging av senterområda gjennom m.a. områdeplanar vil spisse tiltak og arealbruk ut i frå lokale tilhøve. Analysar i desse arbeida må sjå på forhold som dimensjonerer rett storleik på bustadareal, areal til offentlege føremål og behov for sentrumsføremål og detaljhandel.



Figur 8. Kart med oversyn over senterstrukturen i Bømlo. Det er synt ulike avstandar frå senterpunkt som følgjer eksisterande vegar.

### 5.2.2 Plangrep

Ei langsiktig utvikling i kommune- og lokalsentra, vil vere den beste måten å samordne både bustadpolitikk, arealpolitikk og transportplanlegginga på ein betre måte. Økonomisk vil det vere stor vinst i å utnytte eksisterande infrastruktur først, før utbygging av heilt nye område. Dette er lagt som eit grunnleggjande prinsipp i samband med arealendringar, konsekvensutgreiinga og i føresegnene.

Det er i sentera kommunen bør utvikle knutepunkt med sosial infrastruktur som t.d. skular, barnehagar og butikk. Sentera skal fremje helse, miljø og livskvalitet som er eit godt grunnlag for næringsliv og tilflyttarar. Det er her Bømlo kan tilby innbyggjarane ein kvardag som går opp: ein kortreist kvardag med berekraftig sosiale kvalitetar, arealbruk og transportløyningar.

Det er valt å kartfeste sentrumskjeerne for Svortland, og Moster/Mosterhamn i kommuneplankartet. Dei andre lokalsentera og nærsentera er valt å ikkje kartfeste sidan dei i større grad har klart definerte sentrum som gjer vidare planlegging tilstrekkeleg forutsigbart. Kommunen vurderer at det ikkje er behov på kommuneplannivået å spisse avgrensinga for desse senterområda og at dette skal gjerast i reguleringsplanar/kommunedelplanar. Det er mål om å utarbeide områdeplanar for kommune- og lokalsenter, der m.a. områdeplan Svortland står høgt på lista over prioriteringar. Områdeplanane vil utarbeidast i regi av Bømlo kommune. Sentrumskjeerne Svortland og Moster/Mosterhamn er vist med eit føresegnområde, #, i kommuneplankartet med tilhøyrande føresegner. Innanfor desse sonene og for alle dei andre sentrumsområda skal det vera føremål og bruk med tilgjenge, mobilitet, kvalitetar og arealintensitet som sentrale føringar. For å styrka sentrum sin funksjon som eit attraktivt og levande område skal utvalsvarehandelen (jernvare, klede, sko, leiker etc.) plasserast her. Utover dei juridiske føresegnene gir retningslinjene viktige signal og skapar retning i utviklinga av områda. Desse vil vera sentrale i vidare planlegging eller byggjesak. Det er valt å bruke føresegner med tydeleg og klare skal/må formuleringar for det som ein meiner er viktig å sette faste rammar for.

Føresegnene gir at nye store kontoretableringar i hovudsak skal skje sentralt i kommunesenter eller lokalsenter. Med dette er det meint reine kontorarbeidsplassar som ikkje er direkte kopla til ei verksemd sitt behov, som t.d. NAV eller store konsulentfirma. Føringa er for nye store kontorarbeidsplassar der det vil vera mange tilsette og ikkje mindre kontoretableringar. Føringa er sett for å byggje opp om kommunesenter og lokalsenter, samt støtte målet om å utvikle og byggje der det allereie er eksisterande infrastruktur. Dette inneber at arbeidsplass, bustad, areal og mobilitet vert sett i samanheng.

Regional plan for attraktive senter sett krav at det skal liggje føre samtykke frå regional planmynde ved søknad/reguleringsplan for ny handel dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i kvart enkelt senter overstig 3000 m<sup>2</sup> BRA. Dette er teke inn i føresegnene. Føresegnene gir vidare at dersom det skal etablerast detaljhandel utanfor dei definerte sentera skal det utarbeidast handelsanalyse. Kommunen har mål om utarbeide overordna handelsanalyse for kommunen, ref. kap. 3.6. Dersom denne er utarbeida før plan eller søknad om ny handel, er det ikkje behov for handelsanalyse for det enkelte prosjektet. Eit viktig mål med handelsanalysen er å utgreie tiltaket sitt handelsomland som gir kunnskap om behovet og omfang av detaljhandelen. Arbeidsplass, bustad, areal og mobilitet er viktige parameter i analysen. Føresegnene sett krav til mobilitetsplan med trafikkanalyse som del av reguleringsplanarbeid for føremål som handel/forretning, kontorbygg, skule, idrett, barnehage og senter. Bakgrunnen for dette er å dokumentere m.a. transportbehov, trafikktryggleik i samband med leveranse og syklande/gåande, ladestruktur og universell utforming.

Det er ikkje gitt eit øvre tak for omfang (BRA) av detaljhandel i kommune- eller lokalsentera, utover at detaljhandel i lokalsentera skal vera dimensjonert for omegn og dei næraste grendene. For nærsentera gir føresegnene eit øvre tak på 1000 m<sup>2</sup> BRA. Bakgrunnen for dette er ønske om å opne for mindre lokale for detaljhandel i nærsentera for å oppretthalde liv og aktivitet her, men samstundes regulere at dei større etableringane vert lokalisert i kommune- og lokalsentera.

### 5.3 Bustadutbygging

Samfunnsplanen peiker på at ein ønskjer å planlegge for aldersvenleg senter og nærmiljø, samt at omgjevnadane skal stimulere til sosialt liv og fysisk aktivitet. I dette ligg det m.a. å legge til rette for helsefremjande planlegging med ein arkitektur og utforming som fremjar helse og sosial berekraft. Statistikk viser at einsemd og enkelthushald er aukande, og for å motverke dette er det behov for eit mangfald av bustadtypar, samt fokus på sosiale møteplassar nær heimen.

Heimelsgrunnlaget i plan- og bygningslova for kommunal styring og tilrettelegging av bustadutviklinga er i hovudsak knytt til regulering av tettleik og storleik på bustadene, om dei skal vera frittliggjande eller konsentrert, og ikkje minst kor i kommunen nye bustader skal liggja. I tillegg kan ein sikre kvalitetar og lokalisering av uteområde til bustadene. Berekraftig bustadutvikling som ivaretek både sosiale, økonomiske og klimamessige tilhøve er basert på god planlegging og tilnærming til desse punkta.

#### 5.3.1 Arealstatus

Bømlo kommune har utarbeidd ein rapport; Bustadoversikt Bømlo kommune 2021 (sjå vedlegg). Føremålet med analysen er å få fram informasjon om status i bustadområda i kommuneplanen sin arealdel, kor mange område og kor store areal som er sett av til bustadbygging. Analysen gir oversikt over status for bustadområda i gjeldande plan fordelt på krinsar, og viser slik kor mykje som kan byggjast etter gjeldande planar.


I rapporten frå 2021 finn ein at mange av dei store, nye områda med krav om reguleringsplan ikkje har vorte utvikla enno, men at utviklinga fortrinnsvis blir gjort i tilknytning til, eller som fortetting av eksisterande område der infrastruktur ligg føre. Dette inneber ein mindre risiko for den praktiske gjennomføringa, og kortare tid på å gjennomføra prosjektet og henta ut forteneasta.

Det er bygd fleire bustadar på Bømlo enn folkeveksten i perioden 2011-2021. Totalt er det i denne perioden bygd eller oppretta 715 nye bueiningar, som svarar til ei gjennomsnittleg bygging av ca. 71 bustadar i året. I 2022 er det registrert bygging av 61 nye bustadar. Noko kan nok forklarast med utleigeeiningar, husvære til t.d. midlertidig arbeidskraft eller nye bustadar som blir teke i bruk til fritidsbustad. Vidare er det nok ein trend at det bur færre folk i kvart hus, og at nokon eig fleire bustadar. Elles kan tala skuldast unge bømblingar som flyttar heim og kjøper hus på Bømlo, utan at dei melder flytting til kommunen. Tala syner truleg også ein trend med fråflytting frå gamle hus.

Dei siste ti åra har vore prega av sterk bustadbygging i høve folketalet, med 1,3 nye bustadar per tilskot i folketalet. Det er i snitt litt over to personar per bustad i kommunen. Det er grunn til å tru at den høge veksten i bustadbygginga vil gå ned i framtida. Det er allereie synleg i tala for bygging i 2019 og 2020, der tal på nye einbustadar er meir enn halvert i høve tidlegare år og total vekst er tydeleg lågare. Tal frå SSB syner at det er einbustadar som dominerer i kommunen (80% av totalen), deretter tomannsbustad og rekkehus/kjedehus/andre småhus (8%). Vidare viser statistikken at om lag 60 % av areal definert som tettstad/areal som grensar til tettstadar har trygg tilgang på rekreasjonsareal (naturområde på min. 5 dekar innanfor 200 meter gangavstand), og 74 % til nærturterreng (naturområde på minst 200 dekar innanfor 500 meter gangavstand).

Bustadbygging på Bømlo											
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>SUM</b>	5057	5079	5211	5283	5356	5447	5527	5621	5693	5731	5772
<i>Endring</i>		+22	+132	+72	+73	+91	+80	+94	+72	+38	+41

Figur 9. Bustadbygging på Bømlo 2011-2021. Kjelde: Rapport bustadoversyn Bømlo kommune 2021, Bømlo kommune.



Figur 10. Type bustadar i kommunen 2022. Kjelde: [SSB](#).

### 5.3.2 Kapasitetsvurdering

Rapporten Bustadoversyn Bømlo kommune 2021 viser at dersom folkeveksten fortset slik den har vore dei førre 10 åra, vil Bømlo kommune få om lag 500 nye innbyggjarar dei neste 10 åra. Rapporten viser òg at bustadbygginga har vore høg. Sjølv om bustadbygginga skulle fortsetje i same tempo kan bustadreserven som er berekna berre i dei allereie regulerte bustadfelt, dekkja bustadbehovet for dei neste 15 åra. I tillegg til denne reserven er det store reserver i bustadføremål som ikkje er regulert, samt i LNF-spreidd område.

Det er sett av ca. 20,5 kvadratkilometer til bustadbygging i kommunen, fordelt på 366 ulike område. Innanfor desse områda er det per i dag bygd ca. 4.800 bustadar. Rapporten Bustadoversyn Bømlo kommune 2021 viser at det kan byggjast ytterlegare nesten 2.800 bustadar innanfor areal sett av til bustadbygging. Det er stor teoretisk kapasitet i alle skulekrinsane i kommunen, sjå figur under.

Svortlandkrinsen har den største delen av etablerte bustadar, etterfølgt av Moster, Rubbestadneset, Meling, Hillestveit, Våge, Gilje, Foldrøy og Espevær som minste krins. Den største bustadreserven er i Moster, etterfølgt av Svortland, Meling, Rubbestadneset, Våge, Gilje, Hillestveit, Foldrøy og til sist Espevær. Moster og Meling har ein svært høg bustadreserve sett i høve etablerte bustadar.

Skulekrins	Eksisterande bueiningar	Utbyggingspotensiale, ca. bueiningar	Tal bustadområde (stk. areal)	Arealstorleik (dekar)	Bustadar per dekar
<b>Bømlo kommune</b>	<b>4808</b>	<b>2784</b>	<b>366</b>	<b>20651</b>	<b>0,23</b>
<b>Svortland</b>	<b>1198</b>	<b>487</b>	<b>70</b>	<b>3339,6</b>	<b>0,36</b>
<b>Rubbestadneset</b>	<b>757</b>	<b>336</b>	<b>46</b>	<b>2411,6</b>	<b>0,31</b>
<b>Meling</b>	<b>520</b>	<b>464</b>	<b>57</b>	<b>2781,8</b>	<b>0,19</b>
<b>Gilje</b>	<b>310</b>	<b>227</b>	<b>33</b>	<b>1843</b>	<b>0,17</b>
<b>Våge</b>	<b>376</b>	<b>267</b>	<b>35</b>	<b>2161</b>	<b>0,17</b>
<b>Hillestveit</b>	<b>482</b>	<b>192</b>	<b>29</b>	<b>2244,6</b>	<b>0,21</b>
<b>Espevær</b>	<b>105</b>	<b>43</b>	<b>11</b>	<b>260,3</b>	<b>0,40</b>
<b>Foldrøy</b>	<b>225</b>	<b>189</b>	<b>25</b>	<b>1169,2</b>	<b>0,19</b>
<b>Moster</b>	<b>835</b>	<b>579</b>	<b>60</b>	<b>4439,9</b>	<b>0,19</b>

Figur 11. Figur som viser fordeling av bueiningar og utbyggingspotensial. Kjelde: Rapport bustadoversyn Bømlo kommune 2021, Bømlo kommune.

### 5.3.3 Vurdering av eksisterande bustadområde


Det er gjennomført ei enkel overordna vurdering av bustadområde i kommuneplan frå 2013 som ikkje er utbygd eller detaljregulert. Dette for å vurdere om desse skal takast ut i ny kommuneplan.

Vurderinga omfattar 22 bustadføremål med varierende storleik frå ca. 10 til 170 dekar, og fordelt over heile kommunen (sjå figur). Desse områda er valt ut med omsyn til storleik, om arealet er vidareført frå tidlegare kommuneplan og ifht sentral/perifer lokalisering i kommunen. Vurderingar og bakgrunn for areala som er teke ut eller endra er skildra i vedlegg KU-light.

Følgjande bustadføremål er teke ut og erstatta med LNF-føremål i kommuneplankartet (rød markering i kart til høgre):

- Dørøy ved Espevær: Dette er eit større areal som er lokalisert mindre sentralt i kommunen. Manglande infrastruktur. Det er i planperioden avslege oppstart av reguleringsplanarbeid for området.
- Goddo, langs Goddevegen: Dette er eit større areal som er lokalisert mindre sentralt i kommunen. Manglande infrastruktur. Arealet har ikkje vore realisert i inneverande planperiode.
- Vikøya ved Brandasund: Dette er eit større areal som er lokalisert mindre sentralt i kommunen. Manglande infrastruktur. Arealet har ikkje vore realisert ila. 2 planperiodar.

Vidare er bustadføremål på Moster og ved Innvær justert og avgrensa med omsyn til registrert myrområde og lokalisering i strandsona. I tillegg til kommunen sine egne vurderingar er det eitt privat innspel om å ta ut bustadføremål (Røyksund) på om lag 100 dekar. Areala som er justerte er erstatta med LNF-føremål og synt med grøn markering i kart til høgre. Resterande bustadføremål er vurdert vidareført i påvente av påfølgjande prosessar jf. kap 3.6.



Figur 12. Ubygde og uregulerte bustadføremål i kommuneplan frå 2013 uthava med farge.

Desse endringane utgjer om lag 250 dekar bustadføremål. Dette påverkar i mindre grad bustadreserven i kommunen. Den store bustadreserven i kommunen er hovudsak knytt til detaljregulerte område, samt fortetting i etablerte bustadområde. Endringane påverkar også i liten grad bustadreserven i det enkelte delkrinsen, då det framleis er god bustadreserve i alle delkrinsane i kommunen.

### 5.3.4 Vurdering av eksisterande LNF-spreidd bustadområde

I kommuneplan frå 2013 er det 81 areal avsett til LNF-spreidd bustad. Administrasjonen si erfaring frå planperioden frå 2013 er at det ikkje er vesentleg utbyggingspress innanfor desse areala, men at areala gir eit planmessig grunnlag for dei som ønskjer å t.d. flytte heim eller flytte meir landleg.

Det er gjennomført ei overordna vurdering av LNF-spreidd områda i kommuneplan frå 2013. Det er sett på om heile eller deler av areala skal endrast til bustadføremål eller LNF-område, om areala skal utvidast for å inkludere etablerte bustadbygg i randsona og ei vurdering av kvote/tal einingar i neste planperiode. Vurderingane er omtala i vedlegg konsekvensutgreiing arealendringar og KU-light. Samla opnar LNF-spreidd føremål som er vidareført frå kommuneplan frå 2013, for om lag 200 nye einingar fordelt på ca. 100 areal. For nokre få areal er det ikkje opna for nye einingar, og desse areala vil sikre etablerte bustadar sin moglegheit for

utvikling. Om lag 40 av areala opnar for 1-2 nye einingar kvar, 20 stk. opnar for 3 einingar kvar, 12 stk. for 4 einingar kvar og 7 stk. opnar for 5-6 nye einingar kvar. Areala som opnar for flest einingar er store areal, som t.d. sona som ligg sørvest for Våge skule på Finnås.

#### 5.3.5 Vurdering av nye bustadområde og LNF-spreidd

Innspel om bustadføremål og LNF-spreidd bustad varierer frå store nye bustadfelt til mindre utvidingar av eksisterande felt, og til innspel om bustadføremål for eksisterande bygde tomter. I vurderinga av innspela har ein lagt til grunn tilrådingar og føringar gitt i rapporten Bustadoversyn Bømlo kommune 2021, planprogram til kommuneplanen sin arealdel og kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette er lagt vekt på i vurderinga:

- Attraktive tomter/felt med tilgjenge til grøntområde
- Areal med god tilgang på infrastruktur som vegtilkomst, straum, internett, vatn og avløp
- Areal med god tilgang på sosial infrastruktur. Avstand til senter/fritidsaktivitetar/skule etc.
- Storleik på bustadinnspelet, der ein legg vekt på mindre til medium felt heller enn store felt
- LNF-spreidd føremål i hele kommunen, samt storleik som famnar fleire tiltak/bygde tomter
- Sikre strandsona mot utbygging

Rapporten Bustadoversyn Bømlo kommune 2021 konkluderer med at Bømlo ikkje treng nytt areal til bustadbygging i ny kommuneplan, men at det likevel er aktuelt å opna for nye, eigna område, særleg ved sjø eller med utsikt til sjø. Argumenta for likevel å opna for nye bustadområde er å gje større valfridom, som er framheva som eit viktig konkurranseføremål for distriktskommunar. Desse områda bør vera små til medium felt og ha god tilgjenge til teknisk og sosial infrastruktur, samt at strandsona bør sikrast.

I konsekvensutgreiinga er mange av arealinnspele til bustad negativt tilrådd med grunngjeving i vesentleg arealkonflikt, men også grunna perifer lokalisering utan tilgjenge til teknisk og sosial infrastruktur. Dei få nye bustadføremåla som er teke inn som arealinnspele utgjer om lag 80 daa. Dette er 19 enkeltareal som varierer i storleik mellom 0,3 til 17 daa. Dei største areala ligg i tilknytning til Rubbestadneset, Svortland, Gilde og Foldrøy (areal over 8 dekar). Fleire av areala er heilt eller delvis utbygd, og/eller ligg tett opp til etablerte eller regulerte bustadfelt. Vidare opnar planen for 15 nye LNF-spreidd bustadføremål med ei samla kvote på 10 nye einingar. Dei fleste av desse ligg i tilknytning til etablert busetnad og infrastruktur.

I tillegg til endringane som er basert på arealinnspele, er i underkant av 185 dekar endra til bustadføremål. Grunnlaget for dette er randtomtar til bustadfelt som er bygde, område avsett til LNF-spreidd som ber preg av bustadfelt heller enn spreidd utbygging, samt areal avsett til bustad i ein reguleringsplan som er oppheva. Sjå vedlegg konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar og KU-light for meir detaljar.

#### 5.3.6 Samla endring av bustadreserve

Uavhengig av om arealendringa er basert på private arealinnspele eller administrative endringar er den samla endringa av bustadføremål i ny kommuneplan slik:

- Om lag 90 dekar bustadføremål som inneber reell bustadreserve (utbygde bustadareal)
- Om lag 184 dekar bustadføremål som ikkje utgjer reell bustadreserve (allereie utbygde areal)
- Om lag 250 dekar endra frå bustadføremål til LNF-føremål og om lag 24,5 dekar endra frå bustad til andre utbyggingsføremål.

Endringane i planframlegget inneber ein netto reduksjon i reelt byggjeland for bustad i ny kommuneplan på om lag 185 dekar sett i lys av kommuneplan 2013. Dette svarar til ein viss grad opp kommunen sin rapport om bustadsituasjonen frå 2021, som viser ein svært stor bustadreserve i kommunen i alle delområde.

#### 5.3.7 Føresegner

Dei generelle føresegnene gir rammer for bustadutbygging i tillegg til eigne føresegner spesifikt om bustadføremål. Det er gitt føringar for at nye eine- og tomannsbustadar ikkje skal byggjast innanfor sentrumskjerna i Svortland og at konsentrert småhusbygg og bustadblokk skal byggjast i eller i tilknytning til kommunesenteret

eller lokalsenter. Dette er for å sikre arealeffektivitet og høg utnytting slik at flest mogleg kan ta i bruk og vera del av t.d. eksisterande fysisk og sosial infrastruktur. Det er ikkje sett spesifikke krav til arealutnyttinga, %-BRA/-BYA, i føresegnene, då dette må vurderast i prosjekt til prosjekt ut frå lokale forhold. Likevel gir kommuneplanen sine føresegner og godkjent samfunnsplan tydelege signal på at utbygging i Svortland og lokalsentera skal vera tett og høgt.

For nye bustadområde utan tiltak er det krav om reguleringsplan. Det er gitt spesifikke føresegner for bustadføremål som gir føringar dersom utbygging kan skje direkte i byggjesak. For område som er avsett til bustadføremål i kommuneplanen med moglegheit for utvikling eller fortetting skal det i kvar enkelt sak gjerast ei konkret og individuell vurdering av om tiltaka vil utløyse krav til reguleringsplan jf. plan- og bygningslova § 12-1, 2-3. ledd. I retningslinjene til kommuneplanen er det vist til at kommunen skal gjera denne vurderinga, og at krav om plan kan vera aktuelt frå og med 1. eining. Dette er særleg aktuelt dersom det i naturleg omland til tiltaket ligg til rette for fleire einingar og om felles infrastruktur ikkje er etablert. Dette er detaljerte vurderingar som kommuneplanen ikkje regulerer konkret og som må avklarast med plan- og byggjesaksavdelinga.

Sentralt i utforming av bustadområde er uteoppfallsareal, privat per bueining og felles for bueiningane. Føresegnene set krav til arealstorleik og kvalitet for desse type areala. Endring frå kommuneplan 2013 er at det no er fokusert på at fellesareala skal vera allmenn tilgjengelege møte- og leikeplassar, heller enn isolerte leikeplassar. Ein ønskjer at desse areala skal fungere som sosiale møteplassar som samlar folk på tvers av generasjonar og bruk, samt fremjar fysisk og sosial aktivitet, og der leikeapparat berre er ein del av området si møblering. Særleg i område med høg utnytting bør det leggjast til rette for aktivitetar som det ikkje er plass til ved den einskilde eining. Ved at areala skal ha ein viss storleik er det potensial for å finne eigna areal for etablering av godkjente leikeapparat, men også naturområde som vil fremja naturleik og opplevingar i *nærskogen*. Dette vil kunne medverke positivt for folkehelse og innbyggjarane sin trivsel.

#### **5.4 Gjennomgang godkjente reguleringsplanar**

I kommuneplanen frå 2013 vart alle gjeldande reguleringsplanar vidareført. I plankartet var desse synt med omsynssone H910 (Reguleringsplan skal fortsatt gjelde), utan generelt arealføremål under omsynssona. Til saman var om lag 150 reguleringsplanar og 14 utbyggingsplanar synt i plankartet.

I dag er det er om lag 250 godkjente reguleringsplanar i Bømlo kommune. I samband med ny kommuneplan er det gjennomført ei overordna vurdering av desse reguleringsplanane, der ein har sett på om reguleringsplanen er ferdig utbygd, om den er eldre enn 10 år og ikkje i nødvendig grad oppdatert, og om det er satt byggjegrænse til sjø. Vurdering og konklusjon av desse vurderingane finn de i vedlegg Vurdering av gjeldande reguleringsplanar 2023. I ny kommuneplan er det tre alternativ for vidare handsaming av reguleringsplanane og hovudresultata frå arbeidet er som følgjer:

- Planar som skal gjelde uavhengig av kommuneplanen (H910)  
Det er valt å ikkje vidareføre reguleringsplanar som H910. Bakgrunnen for dette er eit generelt behov for grundigare gjennomgang av reguleringsplanane. Konsekvensen av dette er at kommuneplanen sine generelle føresegner og omsynssoner må gjelde saman med reguleringsplanane.
- Planar som skal gjelde saman med kommuneplanen (føresegnområde #5)  
Det er valt å syne alle reguleringsplanar som framleis skal vera gyldige som føresegnområde #5. Dette omfattar om lag 220 reguleringsplanar. Kommuneplanen sine generelle føresegner og omsynssoner skal for desse områda gjelde saman med reguleringsplanane. For kva dette inneber i praksis sjå kapittel 5.4.1.
- Planar som skal opphevast  
Gjennom vedtaket av kommuneplanen ønskjer ein også å rydde opp i eldre reguleringsplanar. Mellom anna er ein del eldre reguleringsplanar erstatta av nyare reguleringsplanar, og som eit ledd i oppryddinga

opphevar ein desse. Desse vert oppheva i ny kommuneplan. Dei reguleringsplanane som blir oppheva med grunngjeving er synt i tabell under.

Plan-ID	Plannamn	Vedtaks-dato	Grunngjeving for oppheving
R-4	Ramskleiva	06.04.1976	Stort sett utbygd
R-6	Gåsland	23.03.1977	Ferdig utbygd
R-7	Meling	14.02.1977	Stort sett utbygd
R-12	Industriområde, Hollundsdalen	23.12.1980	Ferdig utbygd
R-19	Delar av Øklandsvåg	21.09.1981	Manglande føresegner
R-26	Heddabakkestølane	21.09.1981	Stort sett utbygd
R-18	Mælandsvågen	28.12.1982	Stort sett utbygd, med unntak av naust som manglar føresegner
R-24	Hidle søre og Våge nordre	08.02.1982	Manglande føresegner, plankrav (krav til utbyggingsplan i planen)
R-30	Gnr 127 bnr 2, Helvik	28.12.1982	Ikkje påbegynt bygging
R-39	Del av gnr 108 bnr 26	17.12.1984	Ikkje påbegynt bygging
R-38	Del av gnr 127 bnr 2, Plan 2, Helvik	18.02.1985	Ikkje påbegynt bygging
R-49	Rolfsnes, gnr 76 bnr 99	26.03.1990	Ikkje påbegynt bygging
U-5	Del av gnr 20 bnr 5 og 6, Teigland	02.02.1995	Ferdig utbygd
U-7	Spissøy sør	16.03.1995	Ikkje påbegynt bygging, noko utydeleg om AK og bustad er i denne planen eller i R-96.
U-11	Hyttefelt Alvsvågneset, gnr 110 bnr 4	11.06.1998	Ferdig utbygd
R-79	Rolvnes, gnr 76 bnr 1	23.03.1998	Manglande føresegner
R-92	Bjørkåsen	05.03.2001	Ferdig utbygd
R-94	Holmesjøen hyttefelt	25.06.2001	Ferdig utbygd
R-96	Spissøy sør, gnr 25 bnr 6, hyttefelt	17.12.2001	Stort sett utbygd hytter, noko utydeleg om AK og bustad er i denne planen eller i U-7.
R-98	Del av Langevåg sentrum	16.06.2003	Ferdig utbygd
R-147	Gnr 114 bnr 1, Gilje	14.06.2010	Etter ønske frå grunneigar

#### 5.4.1 Rettsverknad

Kommuneplanen sin nye arealdel vil normalt gjelde føre eldre reguleringsplanar og utbyggingsplanar (etter tidlegare pbl.). I kommuneplankartet er område med godkjente reguleringsplanar som skal gjelde saman med kommuneplanen vist med føresegnområde #5. I desse områda skal kommuneplanen gjelde føre reguleringsplanen dersom det er avvik. Døme på avvik kan vera at reguleringsplanen ikkje har sett byggjegrænse til sjø/vassdrag/veg, naturfare er ikkje kartlagt eller dokumentert i reguleringsplanen, krav til privat/felles minste uteopphaldsareal ikkje er teke i vare, manglande føringar for høgde og/eller volum på bygningar (BYA/BRA). I desse tilfella er det krav og føringar i kommuneplanen som gjeld føre reguleringsplanane. Det vil ikkje verta tolka som eit avvik dersom t.d. utnyttingsgraden eller byggehøgda er lågare enn det maksimalt er opna for i kommuneplanen sine føresegner. For konkrete avklaringar bør ein ta kontakt med plan- og byggjesaksavdelinga.

Det er plangrensa til reguleringsplanane som avgrensar føresegnområdet #5. For føresegnområda er det òg synt generaliserte arealføremål, der ein må sjå til gjeldande reguleringsplan for meir detaljar kring arealbruk og føremål. For reguleringsplanane 1) Straumshaugane gnr. 4 bnr. 8 på Finnås (planid 200707) og 2) Træet-Eide på Eidesvik/Langevåg (planid R-90) er det synt nye arealføremål med framtidig arealstatus i kommuneplankartet. Det må gjennomførast endring av reguleringsplan for å realisere desse nye arealføremåla.

## 6 Planforslaget

### 6.1 Om plankrav

Plangrepet med å synleggjera areal der kommunen krev reguleringsplan er vidareført frå kommuneplan frå 2013. I kommuneplan frå 2013 er desse areala vist med omsynssone H710. På grunn av avgrensa heimel til denne typen omsynssone har ein endra dette i ny plan. Desse areala er no synt med føresegnområde #1, krav om reguleringsplan, i plankartet. Dette gir grunneigarar/ utbyggjar eit tidleg og tydeleg signal ved oppstart av planlagt utbygging. Grunngeving for plankrava som er gjort synleg i plankartet er m.a. storleik og omfang på arealet, lokalisering av arealet og potensiell arealkonflikt som må avklarast i reguleringsplan.

Det er likevel slik at kommunen har rett til å krevje reguleringsplan også for areal som ikkje har føresegnområde #1 knytt til seg. Dette er heimla i plan- og bygningslova og føresegnene til kommuneplanen. Det vil i desse tilfella verta gjennomført ei grundig vurdering basert på informasjon frå tiltakshavar. Konklusjonen frå vurderinga skal grunnjevast.

Kommuneplan frå 2013 ga føringar for plankrav som har gitt grunneigarar/utbyggjarar ein forutsigbarheit ved utbygging, men som også har hatt nokre uheldige konsekvensar. Mellom anna at infrastruktur og plassering av bygg/veg er godkjent tiltak utan heilskapleg tanke. I tillegg spesifikt for dei ulike arealføremåla følgjande:

- For bustad sa føresegna som følgjer: «I eksisterande bustadområde kan det førast opp inntil 4 bueiningar som fortetting utan krav om reguleringsplan». Erfaring viser at plankravet vert pålagt den/dei få siste einingane i feltet etter fortetting av 4 og dei som allereie har fått godkjent sine tiltak har ikkje behov for å regulere areala sine (færre å fordele kostnaden på).
- For naust sa føresegna som følgjer: «I eksisterande naustområde skal det utarbeidast detaljplan før utbygging av område der det er plass til meir enn 4 naust i rekkje». Erfaring viser at kravet slår inn om det er ønskje om eit naust og utbyggjar har då ofte regulert inn mange fleire naust for å finansiere planarbeidet.
- For fritidsbustadar sa føresegna som følgjer: «I eksisterande fritidsområde skal det utarbeidast detaljplan før utbygging for område der det er plass til meir enn 3 fritidsbygg i rekkje». Erfaring viser same tilhøve for som naust.

Basert på dette er det valt å ikkje vidareføre desse føresegnene. For å gjera kommunen sine vurderingar meir forutsigbare ønskjer kommunen å utarbeide ei sjekklister med moment som er sentrale i vurdering av om tiltak/prosjektet utløyser krav til reguleringsplan etter plan- og bygningslova § 12-1, 2. og 3 ledd. For konkrete avklaringar bør ein ta kontakt med plan- og byggjesaksavdelinga.

### 6.2 Om plankartet

Plankartet er basert på kommuneplan frå 2013. Endring av arealføremåla i plankartet er gjort synleg ved bruk av arealstatus framtidig. Desse har ein noko sterkare farge enn areal som er vidareført frå kommuneplan frå 2013 som har arealstatus noverande. Alle generelle føremål under godkjente reguleringsplanar (#5) er synt med arealstatus noverande.

I plankartet er den nye byggjegrensa, ref. kap. 5.1.2, som erstattar det generelle 100-metersbeltet, synt som linjesymbol KpJuridisk-LinjeType – Byggjegrense (sosi kode 1111, ref. nasjonal produktspesifikasjon). Der det ikkje er sett byggjegrense til sjø eller plankrav er det 100-metersbeltet som er byggjegrensa til sjø. 100-metersbeltet til sjø er i plankartet illustrert med ei ikkje juridisk linje.

### 6.3 Skildring av nye utbyggingsareal

Nye utbyggingsføremål er generelt omtala i dei neste kapitla. For detaljar og skildring av dei enkelte føremåla og arealendringar sjå vedlegg Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, samt Overordna konsekvensutgreiing for sjøareala.

#### 6.3.1 Bustad og LNF-spreidd bustad

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt føringar for å satse på bustadbygging i sentrale strøk utan at det skal setje til sides høve for etableringar utanfor tettstadene. Nye bustadføremål basert på private innspel er lokalisert i krinsane Finnås, Foldrøy, Meling, Moster, Rolvsnes, Rubbestadneset og Svortland. Nye LNF-spreidd areal basert på private innspel er lokalisert i krinsane Brandasund, Finnås, Foldrøy, Gilje, Meling, Moster, Rubbestadneset og Svortland. Samla er det lagt inn om lag 80 dekar nye bustadføremål basert på arealinnspel, og om lag 185 dekar bustadføremål basert på endring av føremål frå LNF-spreidd til bustad, randtomtar og oppheving av reguleringsplan. I tillegg er om lag 250 dekar endra frå bustad til LNF-føremål i ny plan. Ein stor del av dei nye bustadføremåla er knytt til bygde eigedomar. Endringane i planframlegget inneber ein netto reduksjon i reelt byggjeland for nye bustadar i ny kommuneplan på om lag 185 dekar sett i lys av kommuneplan frå 2013. For meir detaljar sjå kap. 5.3 og vedlegg Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Kommuneplan frå 2013 la føringar for maksimalt tal nye bueiningar innanfor kvar enkelt LNF-spreidd føremål i planperioden. Tal einingar var synt i plankartet med påskrift (tal), og i kommunekart.com har kvotane vore kontinuerleg oppdatert vist slik «tal attverande kvote (tal opphavleg kvote)». Denne framvisinga blir vidareført i ny plan. Tal einingar skal reknast i høve bygging og ikkje frådelt tomte. Det er i dei fleste spreidd områda frådelt, men ubygde tomte. For å sikre at det ikkje over tid blir ein stor tomtereserve som ikkje kan byggjast på, så er det sett føringar i føresegnene om at det i samband med søknad om frådelling i desse områda og må søkjast om bygging.

#### 6.3.2 Næring, råstoff/deponi og fritid- og turisme

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det signalisert ønske om å samle næringsareal til etablerte område der det er infrastruktur og potensial for samlokalisering og klyngedanning. Nye næringsføremål basert på private innspel er lokalisert i krinsane Brandasund, Finnås, Foldrøy, Gilje, Langevåg, Meling, Moster, Rubbestadneset og Svortland. Desse er i stor grad lokalisert til utbygde/delvis utbygde næringsverksemdar, eller utvida areal knytt til etablerte næringsområde. Det største arealet er i tilknytning til fiskerihamna på Langevåg, Hovlandshagen. Dette er eit satsingsområde for næringsutvikling i kommunen, og areala er ein ressurs langt fram i tid. Seks av næringsareala er for konkret bruk til kystfiskarar som har behov for større sjøhus og kai for verksemda si. Det er i tillegg teke inn nye større areal for steinuttak/ steinbrot/ masseuttak/ deponi lokalisert i tilknytning til eksisterande verksemd for massehandsaming på Ersland. Dette vil vera ein ressurs i lengre tid og med eit større nedslagsfelt i kommunen då areala ligg relativt sentralt lokalisert på Bømlo.

Planprogrammet peikar på at dagens reglar for forvaltning av naustområde har blitt til ulempe for profesjonelle fiskarar, og at gjeldande føresegner til naust og plankrav ikkje er tilpassa naust til kystfiske, då dei blir for små og for dyre. Det har difor vore ønskeleg å få til ei eigen handsaming av naust til profesjonelt fisk, og skilje desse frå naust til fritidsbruk. Det er fleire innspel på endringar frå område vist med arealføremål naust til kystfiske. Desse innspela er tilrådd positivt i konsekvensutgreiinga, og er gitt arealføremålet næring, kystfiske.

I kommuneplanen sin samfunnsplan er det vist til at reiseliv er Noregs tredje største eksportnæring og er blant næringane som veks raskast i verda, og at Bømlo har eit stort potensiale her. Vidare, at dei som vitjar kommunen skal kunne få både heilskaplege opplevingar og innblikk i lokal historie, kultur og naturbaserte opplevingar. Bømlo skal satse på eit sterkt, berekraftig reiseliv framover. Det inneber og at reiselivssatsinga skal vere med å skape arbeidsplassar. For å ha sosialt berekraftige nærmiljø er det viktig at reiselivet genererer heilårsaktivitetar, slik at ein ikkje blir ein «vinterlukka» reisedestinasjon. I planprogrammet er det signalisert at

det skal leggjast til rette for utvikling av næringsverksemd i form av turisme og reiseliv, og at kommunen vil vurdere innspel på eksisterande eller etablering av nye anlegg til kommersielt reiseliv.

Nye areal til fritid- og turisme basert på private innspel er lokalisert i krinsane Finnås, Langevåg og Rubbestadneset. Alle desse er lokalisert i område utan tiltak i dag, men det er god tilgjenge til infrastruktur i nærområdet for to av dei tre delområda. Ein del av endringane er knytt til gullgruveområdet på Lykling. Her er det allereie ei satsing på turisme, og planendinga vil vera med å stø opp om det som skjer i området. Det er lagt inn eit nytt areal lokalisert på Vorland, nordaust for Langevåg. Arealet er planlagt for turløyper, klatrepark og liknande, og er eit innspel i samband med moglegheitsstudie for Langevåg. Den siste endringa er ved Innvørsjøen, der deler av eit areal avsett i kommuneplan frå 2013 er endra frå fritid til fritid- og turistføremål.

### 6.3.3 Fritid

Norsk institutt for naturforskning (NINA) har gjennomført ei kartlegging av tomtereservar for fritidsbustad i Noreg i 2022. Analysen som peikar på at arealreserven for fritidsbustadar i Bømlo er stor i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel presiserer at tidlegare regulerte område, allereie detaljregulerte område, samt område avsett til fritidsbustadføremål i gjeldande kommuneplan skal vidareførast. Det er såleis ikkje gjort ei vurdering av gjeldande fritidsbustadføremål, med unntak av i eit par område som ligg i tilknytning til innkomne innspel.

Det er om lag 1040 registrerte fritidsbustadar i Bømlo kommune. I følgje [SSB](#) ligg dei aller fleste utanfor hyttefelt ca. 610 av 1040 (område med mindre enn 5 hytter), ca. 340 hytter ligg i hyttefelt med 5-24 einingar, og ca. 90 hytter ligg i hyttefelt med 25-49 einingar. I 2022 er det registrert 14 nye fritidsbustadar i kommunen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt rammar for lokalisering og prioritering av fritidsbustadar: *Fritidsbustader ved sjøen er ønskjeleg men dette må bli meir systematisk handsama og ikkje slik at desse legg unødvendig beslag på attraktiv strandsone eller medfører at enkeltgrender blir «livlause» utanom ferisesongane. Bustadareal langs sjøen må først bli prioritert til fastbuande. Nye fritidsbustader må trekkjast lenger opp på land. Tilgangen til sjøen skal bli sikra gjennom fellesareal, opne for ålmenta.*

Det er relativt få innspel om nye fritidsbustadområde til rulleringa av kommuneplanen, og med bakgrunn i samfunnsdelen si tydelege haldning til lokalisering av nye hytter, er det få nye areal til fritidsbustad i planframlegget. Alle areala ligg i tilknytning til eksisterande bygde fritidsbustadføremål og tomter/hyttefelt. Arealendingane representerer såleis svært avgrensa høve til ytterlegare utbygging med fritidsbustader i kommunen. Om lag 6 dekar er omdisponert til fritidsføremål, i hovudsak frå LNF-føremål. Dei nye fritidsføremåla er lokalisert ved Innvær, på Vedøy og Straumøy, samt Kulleseidkanalen og Lynghaugen (Meling). I tillegg, er om lag 15 dekar fritidsføremål omdisponert til LNF-føremål. Samla fritidsføremål er såleis redusert i ny kommuneplan.



Foto: ABO

#### 6.3.4 Naust og småbåtanlegg/småbåthamn

Planprogrammet viser til at innspel om nye naustområde og utviding av eksisterande naustområde skal vurderast. Vidare at felles småbåtanlegg/ -hamner i tilknytning til eksisterande busetnad skal prioriterast.

Naust og tilgang til sjø er sentralt for innbyggjarar og hyttefolk i kommunen, og tilgang til naust og flytebyggjer er attraktivt. Det er registrert om lag 1650 naustbygningar i kommunen (kjelde FKB datasett bygning), og er fordelt over heile kommunen, sjå kart til høgre. I stor grad er nausta lokalisert i område med busetnad. Nausta er lokalisert både i naustområde med fleire einingar, men også enkelt naust som truleg er sett opp for lenge sidan. I områda med naust er det relativt høgt utbyggingspress for å kunne fortette eller utvide. Det er tradisjon for private naust i kommunen, men også felles anlegg i småbåthamner. Desse er lokalisert spreidd rundt i kommunen.

I ny kommuneplan er det opna for nokre nye naustføremål. Endringane er i område der det er etablerte tiltak i dag, utviding av eksisterande naustområde eller justeringar av eksisterande naustområde. Det er ikkje lagt inn nye naustområde i urørt strandsone utan infrastruktur. For meir detaljert informasjon sjå også kap. 5.1.

I ny kommuneplan er det opna for ei ny småbåthamn. Denne er lokalisert ved Rubbestadneset og gir grunnlag for anlegg i sjø, og infrastruktur på landsida. Arealet ligg i tilknytning til framtidig næringsområde og framtidig fylkesveg utanfor Rubbestadneset.



Figur 13. Eksisterande naustbygningar er synt i kartet. Kjelde FKB bygningar.

#### 6.3.5 Kombinerte føremål og grønstruktur

Det er teke inn nokre nye kombinerte utbyggingsføremål. Dei fleste av endringane er endring av utbyggingsføremål til kombinerte utbyggingsføremål (bustad, fritid, naust eller kombinert føremål). Dette gir utbyggjar auka fleksibilitet for bruk og regulering. I tillegg til desse areala er det ei større endring ved Kuleseidkanalen som endrar LNF-føremål til kombinert utbyggingsføremål for fritid og turisme/næring. Desse areala, saman med tilhøyrande nytt areal til grønstruktur (i dag er deler nytta til frisbeegolfbane), er teke inn for å stø opp under utviklinga i området for turisme, reiselivsatsing og senterområdet Våge.

## 6.4 Teknisk infrastruktur

Bømlopakken har medverka til ein vesentleg betre vegstandard som har betra framkome og trafikktryggleik i kommunen. Utbygginga starta opp i 2008, og det er mange strekkingar som er fullførte. Dersom det står att midlar i pakka, er det sett opp ei reserveliste bestående av følgjande prosjekt: Fv. 5000 Totlandsvegen – Grindheimsvegen. Fv. 5002 Laurhammerkjosen – Olakjosen. Fv. 4996 Grønnevik – Sakseid. For meir informasjon om Bømlopakken sjå [her](#).

Stortinget gjekk 20.12.2021 inn for revidert Bømlopakke. Vedtaket er i tråd med dei lokalpolitiske vedtaka for å byggje ut tre prosjekt frå den opphavslege Bømlopakken i tillegg til ei ramme til mindre utbetringar på fylkesvegnettet. Godkjente reguleringsplanar er teke inn i kommuneplankartet, i tillegg er framtidig omkøyringsveg rundt Svortland og Rubbestadneset vidareført som framtidige hovudvegar i plankartet.

Invest In Sunnhordland har nyleg utarbeida rapport om [kraftsituasjonen i Sunnhordland](#). Rapporten viser at Vestland fylke står for store del av kraftproduksjon i Norge, men at produksjonen i Sunnhordland er relativt låg sett i forhold til resten av Vestland. Vidare viser den til kartlegging av Finnås kraftlag for større nye næringsprosjekt i Bømlo kommune. Denne estimerer eit auka behov dei neste 10 åra på om lag 40 MW. Konklusjonen i rapporten er at det i Sunnhordland er eit kraftunderskot i dag, og utfordringar med nettkapasiteten.

Bømlo kommune har eiga vegnorm frå 2018. Denne vert parallelt med kommuneplanen revidert. Rammar og føringar i kommunal vegnorm skal leggjast til grunn i alle nye planar og utbygging i kommunen. Vidare gir Vestland fylkeskommune sin til kvar tids gjeldande «Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggjegranser» føringar for søknader om avkøyrslar og endra byggjegranser mot fylkesvegar. I nye byggeområde, transformasjon av byggeområde eller endring av bruk skal tilgjenge for naudetatar vurderast, tilstrekkeleg kapasitet for sløkkjevattn dokumenterast og eigna oppstillingsplass for brannvernkyretøy sikrast.

Føresegnene sett krav til mobilitetsplan med trafikkanalyse for planarbeid som omfattar ny handel/forretning, kontorbygg, skule, idrett, barnehage eller senter med meir. Utarbeiding av mobilitetsplan bør også vurderast for reguleringsplanar for store nye bustadområde. Mobilitetsplanen sitt føremål er å skaffe kunnskapsgrunnlag for m.a. transportbehov, trafikktryggleik, trase for syklande/gåande, parkering og ladestruktur. Og basert på dette sikre areal, naudsynte rekkefølgjekrav og gode løysingar i reguleringsplanen

I ny kommuneplan er det sett krav til parkering for spesifikke føremål. Unntak frå dette er for veglause øyar som berre har tilgjenge via båt, der parkering på fastlandet skal gjerast greie for. Parkeringskrava er samla i tabell med minimum og maksimum tal for bilparkering og minimum for tilrettelagd sykkelparkering. Det er valt å regulere både nedre og øvre grense for tal parkeringsplassar for bilar. Tala er sett ut frå forventa minimum behov, men også for fremje redusert bruk av bil som transportmiddel. Tabellen gir generell ramme for parkeringsdekning som skal dokumenterast i plan- eller byggesak. Samstundes kan tala slå feilaktig ut i nokre tilfelle der parkering ikkje er like aktuelt som t.d. type utbygging med eit *bilfritt* konsept eller arealintensiv industri med få tilsette. Difor gir retningslinjene at dersom utrekninga gir eit kunstig høgt tal kan det fråvikast. Vidare gir retningslinje signal om at for ny utbygging i strandsona bør parkering plasserast vekk frå sjø og at det er tilstrekkeleg med gangtilkomst frå parkering til naust.

Bømlo vatn og Avløpsseksjon er eigd av Bømlo kommune. Selskapet si visjon er «liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur». Kommunestyret vedtok i desember 2015 Hovudplan for vatn og avløp for perioden 2016-2045. I denne ligg behov for framtidig utbygging, prioriteringslister og utbyggingstakt. Det er i dag ei felles VA-norm for Sunnhordlandskommunane og Hardanger (2021). Føresegnene i kommuneplanen gir at infrastruktur for vatn, avlaup og overvatn skal prosjekterast og etablerast i samsvar med kommunen sin til ei kvar tid gjeldande VA-norm.

## 6.5 Sjøområda

### 6.5.1 Akvakultur og opplag

Samfunnsdelen til kommuneplanen peikar på at marine næringar som fiske og akvakultur er ein del av den historiske identiteten til Bømlo, og er samstundes framtidretta næringar. Det står vidare at det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikle seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv. Det er presisert at nasjonale målsetnader om auka verdier i sjømatproduksjon må skje innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Samfunnsdelen seier vidare følgjande om akvakultur:

*Bømlo har ei viktig akvakulturnæring med lokalitetar i kystsona. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning for akvakultur i kystsona. Arealforvaltninga må vere ein balanse mellom desse interessene og resten av lokalsamfunnet sine, som villfisk, naturmangfald, friluftsinnteresser og samfunnsøkonomi.*

*Ein må planlegge for framtida med plass for ny teknologi og nye arter og dyrking av artar på fleire trofiske nivå. Det må leggjast til rette for polykulturar i akvakultur og forskning på multitrofisk havbruk. Akvakultur av laks og nye artar som marin fisk, tang, tare, sjøpung, skjel og andre organismar må skje i samspel med den næringa. Meir fôr må gjerne komme frå lokale ressursar, frå til dømes akvakultur eller frå fiskerinæringa. På land skal det framleis vere areal til mottak og prosessering.*

*All næringsverksemd på Bømlo skal vere berekraftig. Dei miljømessige utfordringane med akvakultur ønskjer me å løyse i samarbeid med næringa. Me vil unngå negativ verknad på det marine miljøet og dei organismane som veks og lever der. I praksis kan tilgangen på areal bli meir knapp, noko som på kort sikt kan sette grenser for produksjonsvekst. Dersom næringa løyser utfordringane til dømes knytt til lusesituasjonen, kan det vere mogleg å auke produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode/teknologi.*

*Me skal følgje føringane i Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, med lokale tilpassingar, avklaringar og prioriteringar.*

Det er motteke innspel om endringar for 10 av dei 16 godkjente sjølokalitetane for laks/sjøaure i kommunen. Desse innspela er konsekvensutgreidd, og alle desse innspela er positivt tilrådd, då dei i stor grad inneber justeringar av føremåla for å tilpassa godkjent anleggsplassering til avsett areal i kommuneplanen. Vidare er det teke ut tre akvakulturområde frå gjeldande kommuneplan og redusert eitt på grunn av at deler av arealet er endra til næringsføremål. Det er ikkje lagt inn heilt nye akvakulturområde i planen, men eit opplagsområde, som ikkje ligg i kommuneplan frå 2013. Totalt sett er det ein liten auke i areal avsett til akvakultur. For fleire av areala er endringane gjennomført for å tilpassa føremåla til allereie godkjent plassering av anlegg. For detaljar og skildring av dei enkelte føremåla og arealendringar sjå vedlegg Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar og Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for sjøareal.

Akvakulturføremålet viser området der anlegget på sjøoverflata skal ligga innanfor. I tillegg til anlegget på overflata er det behov for fortøyingar for å halde anlegget i posisjon. Dette arealet er ikkje vist i plankartet, og føresegnene gir rammar for plassering av fortøyingane. Dette er ei vidareføring av slik det er gjort i kommuneplan frå 2013.

### 6.5.2 Fiskeri og ferdsel, samt fleirbruk

Føremål i kommuneplan frå 2013 er vidareført, og det er såleis ikkje lagt inn nye føremål for fiskeri eller ferdsel. Den einaste endringa i ny plan er at einbruk fiskeri der dei overlappar med arealutstrekning for farlei er gitt kombinert føremål Fiske/Ferdsel. Fiske og ferdsel på sjø kan kombinast i tid og rom, og dette er den faktiske situasjonen også i dag. Det er ikkje gjennomført konsekvensutgreiing av desse endringane sidan dette er den faktiske situasjonen. Dei areala i kommuneplan frå 2013 som er kombinerte føremål (ferdsel/fiske (trålfelt)) er

videreført. Hovud- og bilei er synt i plankartet med samferdselslinje, og desse samsvarar med farleilinje i Kystverket sin kartdatabase.

Som vist i kapitel 3.6 ønskjer kommunen å gjennomføre delrullering med fokus på sjøområda, der fiskeri og ferdslar inkl. ankring, opplag etc. er naturlege fagtema i rulleringa. I denne prosessen vil det vera naturleg å gå djupare inn i problemstillingar og gjera eventuelle korrigeringar av arealføremål og utstrekning av areala.

## 6.6 Omsyn og faresoner

Omsyn til kulturminne, landskap, natur og friluftsliv er sikra gjennom felles føresegner, i tillegg til at det er nytta omsynssoner eller bandleggingssoner med tilhøyrande føresegner/retningslinjer. Mellom anna gir felles føresegner at dokumentasjon i tråd med naturmangfaldslova og vassforskrifta skal følgje alle plan- og byggesaker. Det er krav om matjordplan i alle saker som inneber føremålsendring eller omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark. Denne skal sikre at matjord vert sikra og flytta til andre dyrkbare areal for å framleis kunne nyttast til matproduksjon. I oppstart av plansaker skal det vurderast behov for massehandteringsplan. Ein slik plan skal i tilfellet gjera greie for massebalanse, korleis massane skal handterast, og ev. plan for handtering av matjord.

### 6.6.1 Jordbruk

Den dyrka og dyrkbare jorda er naudsynt for å sikre matforsyning på lang sikt, og basert på dette bør ein i størst mogleg grad ta vare på og unngå omdisponering til utbyggingsføremål. Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre føremål. Jordvernet fremjar samstundes grunnlaget for kulturlandskap og medverkar positivt til klimagassrekneskap. Nasjonalt og regionalt er mål for jordvern skjerp, og nytt nasjonalt jordvern mål vart vedteke i 2023: *Den årlege omdisponering av dyrka jord skal ikkje overstige 2000 dekar og målet skal vere nådd innan 2030*. Dette er ei kraftig innskjerping av førre jordvern mål, som var på 3000 daa årleg.

Samfunnsdelen til kommuneplanen peikar på at landbruksdrifta og levande grender er ein del av historia i kommunen, og det same er kulturlandskapet og kystlyngheiomsråda. Det står vidare at lokal matproduksjon, i liten og stor skala, er positivt både med tanke på klima og beredskap, og difor må landbruket oppretthaldast. Samfunnsdelen stadfestar vidare at matjord er viktig av fleire årsaker, mellom anna beredskap og flaumvern. Jordvernet må stå sterkt og at kommunen vil følgje opp ein nasjonal jordvernstrategi. Bømlø skal vere ein føregangskommune når det gjeld vern av dyrka mark. Ved utbyggingsprosjekt bør ein unngå nedbygging av matjord, men der matjord og beiter vert råka, må tilsvarende areal bli erstatta med ny matjord til same grunneigar.

Bømlø kommune har ein eldre landbruksplan der kjerneområde for landbruk er omtala. Det er behov for å oppdatere denne planen. I 2022 er det registrert om lag 550 landbrukseigedomar og 115 landbruksverksemdar (aktive bruk) (kjelde SSB, 11950: *Utvalgte nøkkeltall landbruk*). Statistikk frå 2022 viser at er det om lag 12 600 dekar jordbruksareal i drift, og at det i 2022 vart omdisponert om lag 5,8 dekar dyrka jord til anna føremål enn landbruk (om lag 3,5 daa av dette er knytt til gjennomføring av samferdselsprosjekt). I 2022 er det ikkje godkjent nydyrka areal. I perioden 2015-2022 er det eit negativt rekneskap mellom omdisponering og nydyrking, sjølv om det er nydyrka om lag 20 dekar. Samstundes er jordbruksareal klassifisert som *i drift* høgare i 2022 enn i 2015 (ca. 12 600 mot 11 600 dekar).

I LNF-område og LNF-spreidd område er dyrka mark sikra i føresegnene ved at det ikkje kan delast frå eller utførast tiltak på dyrka eller dyrkbar mark, samanhengande innmarksbeite, samanhengande skogsområde av høg kvalitet/bonitet eller myrområde. Vidare skal ikkje frådelling eller tiltak føre til vesentleg ulempe for landbruket. Desse føringane er sett for å ta i vare dei aktive bruka som finst i kommunen, samt legge til rette for framtidige aktive bruk.

Det er ein del innspel om nye og utvida utbyggingsområde og LNF-spreidd til rulleringa av kommuneplanen. Samfunnsdelen og planprogrammet viser til at kommunen ønskjer levande bygder i heile kommunen, og at LNF-spreidd føremål kan medverke positivt til dette. Innspel til nye utbyggingsføremål lokalisert på dyrka mark er i hovudsak negativt tilrådd i konsekvensutgreiinga, medan ein del LNF-spreidd område er tilrådd positivt sjølv om det er registrert dyrka mark innanfor areala. Føresegnene sikrar jordbruksareala i LNF-spreidd områda. Sjå kapitel 7 og vedlegga Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, samt Arealrekneskap for detaljar.

#### 6.6.2 Natur og friluftsliv, folkehelse

Bømlo sitt unike fortrinn er kystlandskapet i kombinasjon med kultur- og industrihistoria. Samfunnsdelen peiker på at naturbasert liv ved kysten er kommunen sitt grunnlag for ein god oppvekst, identitet og livsmeistring. Til dømes må ikkje kulturminne og friluftsområde verta betrakta som noko som er utskilt frå bustad- og næringsplanlegging, men skal bli integrerte delar av framtidig utvikling. Tilgang til natur- og friluftsområde er eit gode for m.a. folkehelse og for barn og unge. Eit variert tilbod til breie lag av befolkninga kan potensielt gje stor gevinst. Planprogrammet stadfestar at det er viktig å ta vare på samanhengande grønstruktur i, og nær, bustadområda i kommunen. Det gjeld særleg friluftstilbod som grønne område, korridorar og turveggar nær der folk bur. Vidare at område for bustad og opphald skal ha gode helsefremjande kvalitetar som tryggleik, fråvær av støy og forureining, og skal leggja til rette for aktivitet, fellesskap og sosiale møteplassar. Den nye kommuneplanen inkl. føresegnene stør opp under desse målsetnadene. Dette med føringar om felles uteopphaldsareal som m.a. inkluderer leik og funksjonar for alle aldersklassar, omsyn til registrerte friluftsområde, regulering av friområde/grønstruktur, senterstruktur, lokalisering av bustadføremål, samt fokus på felles areal for m.a. naust og bryggjer.



Det er valt å bruke både plankart og føresegner for å sikre at friluftsområde og naturmangfald vert teke omsyn til. Det er nytta både omsynssoner med retningslinje og bandleggingssoner med føresegner. Det er valt å ta inn eit utval av registrerte verdier og ressursar i plankartet, og sikre resterande gjennom felles føresegner. Hovudgrunnen er lesbarheit i plankartet og at plankartet er eit statusbilde når datasetta er teke ut. Dei verdiane/ressursane med høgast verdi er teke med. Det er valt å ikkje nytte arealflater frå Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, då dei lokale og spissa verdiane vert teke i vare gjennom spissa omsynssonar og felles føresegner. Sjå kapitel 7 og vedlegga Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, samt Arealrekneskap for detaljar.

- Omsynssone friluftsliv, H530

Det er mange store kartfesta område for friluftsliv i Bømlo kommune. Alle kartlagde friluftsområde har verdi svært stor eller stor verdi. Det er valt å syne alle kartlagde friluftsområde og statleg sikra friluftsområde kommuneplankartet med omsynssone H530 og tilhøyrande retningslinje. Dette omfattar 36 omsynssoner for friluftsliv. Datagrunnlaget er henta ut frå Geonorge.no 25.10.2022 (kjelde Miljødirektoratet). I tillegg til dette er naturområde som ikkje er kartfesta som friluftsområde sikra gjennom arealføremål LNF og felles føresegner.

- Bandlegging etter lov om naturvern, H720  
Det er 23 naturvernområde i Bømlo kommune. Alle desse er synt med bandleggingssoner med tilhøyrande føresegner. Føresegnene viser til forskrift tilhøyrande kvar enkelt verna område. Datagrunnlaget er henta ut frå Geonorge.no 25.10.2022 (kjelde Miljødirektoratet).
- Omsynssone naturmiljø, H560  
Det er mange registrerte og kartfesta område for naturmangfald på land og i sjø kommunen. Det er valt å syne utvalde naturtypar i kommuneplankartet med omsynssone H560 og tilhøyrande retningslinje. Dette utgjer om lag 180 kartfesta naturtypelokalitetar. Der lokalitetane overlappar er dei slått saman til ei omsynssone. I tillegg til dette sikrar felles føresegnene vurdering etter naturmangfaldslova og der det er aktuelt vassforskrifta. Vidare er føremål gyte- og oppvekstfelt i sjø felt synt i plankartet med tilhøyrande føresegn. Datagrunnlaget er henta ut frå Geonorge.no 01.08.2023 (kjelde Miljødirektoratet).

### 6.6.3 Kulturminne, -miljø og -landskap

Bømlo kommune har eigen kommunedelplan for kulturminne 2021-2032. Kommunedelplanen har samla informasjon om og prioriterer kulturminna i kommunen. Omsynssonene for kulturminne og naturmiljø som er vedtekne som del av kommunedelplanen, er lagt til grunn i arbeidet med ny kommuneplan. Kommunedelplanen viser til at det ikkje er mogleg, og heller ikkje eit mål, å ta vare på alt. I staden bør ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for vår kommune frå ulike epokar, sosiale lag, næringar og etter ulik byggeskikk og arkitektur.

Det er valt å bruke både plankart og føresegner for å sikre at kulturminne og naturmiljø/-landskap vert teke omsyn til. Det er nytta både omsynssoner med retningslinjer og bandleggingssoner med føresegner. Sjå vedlegg Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for detaljar.

- Bandlegging etter lov om kulturminne, H730  
Det er 9 bandleggingssoner etter lov om kulturminne i kommuneplankartet frå 2013. Desse er vidareført i ny kommuneplan. Dette er følgjande:
  - Slåtterøy fyrstasjon
  - Handelsanlegg (bygningar), Hiskholmen
  - Steinalderbuplass, Hidle
  - Hummerpark, Espevær
  - Steinalderlokalitet, Dørøya
  - Mellomalder kyrkjestad, 4 lokalitetar: Gåsland. Voll. Moster. Bømlo

I tillegg til desse er det i overkant av 480 kulturminne lokalitetar som er klassifisert som automatisk verna, uavklart vernestatus, statleg listeført eller har samansatt vernestatus i kommunen. Desse er synt som bandleggingssone H730. I kommuneplan frå 2013 var desse synt med Rune R i plankartet. Datagrunnlaget (lag: lokalitetar med vernestatus AUT/ STAT/ UAV/ VED) er henta ut frå Geonorge.no 22.09.2023 (kjelde Riksantikvaren). Føresegnene sikrar areal synt med H730 for varige inngrep og tiltak i omgjevnaden. Ein stor del av kulturminna H730 er inkludert i omsynssone naturmiljø H570. Dette gir kulturminna eit ytterlegare *sikring* ved at nye tiltak i omgjevnaden skal ta omsyn til kulturminna. Retningslinje i kommuneplanen sikrar at den til kvar tidsgjeldande kommunedelplan for kulturminne skal vera førande for arealforvaltninga i kommunen.

- Omsynssone bevaring landskap, H550  
Området *Fitjarøyane: Lyngheilandskap, maktsete og handel i lei* klassifisert som Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) er synt med omsynssone bevaring landskap med tilhøyrande retningslinje. Datagrunnlaget for KULA er henta ut frå Geonorge.no 25.10.2022 (kjelde Riksantikvaren).

- Omsynssone kulturmiljø, H570

Kulturmiljø frå godkjent kulturminneplan frå 2021 er synt med omsynssone kulturmiljø med tilhøyrande retningslinje. Skildring av omsynssonene med type objekt og verneverdi er skildra i Kulturminneplanen frå 2021.

I tillegg til kulturmiljøa frå kommunedelplanen er området *Søre Bømlo – Hespriholmen: Steinalderlandskap med grønsteinproduksjon* klassifisert som Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) synt med omsynssone kulturmiljø med tilhøyrande retningslinje. Datagrunnlaget for KULA er henta ut frå Geonorge.no 25.10.2022 (kjelde Riksantikvaren).



#### 6.6.4 Risiko og sårbarheit, inkl. klimatilpassing

Det er valt å bruke både plankart og føresegnar for å sikre at utbygging ikkje er utsett for naturfare eller andre farar/risiko. Faresonene er lagt uavhengig av arealføremål, og såleis også i område avsett til LNF. Faresonene gjeld også for godkjente reguleringsplanar, sjå kapittel 5.4.1. for rettsverknad. Sjå også vedlegg Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for detaljar.

- Faresone ras- og skredfare, H310.

Faresonene i plankartet (H310) er basert på aktsemdskart. Det er valt å ikkje søke, finne og erstatte aktsemdsonene med detaljerte faresonekartleggingar som er gjennomført i samband med reguleringsplanarbeid. Faresonene H310 i kommuneplankartet er basert på aktsemdsområde for følgjande skredfarar; Steinsprang, snøskred (aktsemdskart S3), samt jord og flaumskred. Alle skredtypane er slått saman til eit lag. Datagrunnlaget er henta frå Geonorge.no 10.10.2022 (kjelde NVE) og NVE si nettside 20.09.2023 (aktsemdskart snøskred). Føresegnene sikrar at det ikkje kan gjennomførast tiltak innanfor sona før fare for skred er avklart eller området er sikra.

- Faresone flaum, H320.

Det er ingen detaljerte faresonekartleggingar for flaum i Bømlo kommune, difor er alle faresonene for flaum H320 basert på aktsemdskart. Faresonene er basert på data utarbeida av NVE og er henta ut frå Geonorge.no 10.10.2022 (kjelde NVE). Føresegnene sikrar at det ikkje kan gjennomførast tiltak innanfor sona før fare for flaum er avklart eller området er sikra. I tillegg er det regulert byggjegrænse inntil vassdrag som både tek i vare kantvegetasjon, men også gir grunnlag for å sikre areala mot flaum.

Det er valt å ikkje syne faresone flaum for område som er utsett for høg vasstand, stormflo, eller bølgepåverknad. Avklaring av fare og risiko for dette er teke i vare gjennom føresegnene.


- Marin grense  
Det er valt å nytte føresegner for å sikre utbygging i område under marin grense. Dette med bakgrunn i plankartet sin lesbarheit. Dette vil krevje at områdestabilitet må undersøkast i plansaker.
- Nedslagsfelt drikkevatn, H110  
Nedslagsfelt for drikkevatn er sikra i plankartet og med føresegner. Det er til saman 17 soner i plankartet som skal sikre nedslagsfeltet for drikkevatna. Vasskjeldene er knytt til både drikkevatn for sanitær bruk, men også for oppdrettsnæringa (settefiskanlegg).
- Militær verksemd, H380.  
Militæret sitt øvingsfelt i sjøområda nordvest på Bømlo er sikra i plankart og føresegner. Avgrensinga av omsynssona er vidareført frå kommuneplan frå 2013, og den samsvarar med øvingsfelt i Geonorge.no sin kartdatabase. Sona gir grunnlag for å sikre militær øving som er ein del av Noreg sin beredskap.
- Støysone, H210 og H220.  
Støysone kring etablert skytebane er vist i kommuneplankartet med sone H210 og H220, og tilhøyrande føresegner. Avgrensinga er vidareført frå kommuneplan frå 2013.

Det er valt å nytte føresegner for å sikre utbygging mot uakseptabel vegstøy. Det er valt å ikkje syne støysone langs hovudveggar då offentlege databasar ikkje har oppdatert støyvarslingskarta med nye vegtrasear. Kartgrunnlaget har for store manglar. Dette vil krevje at vegstøy må undersøkast i byggjesak eller plansak.

#### 6.6.5 Klima og energi

Risiko for skadelege naturhendingar aukar som følgje av klimaendringar og god arealplanlegging er eit viktig verktøy for å redusere konsekvensar. Ny utbygging bør lokaliserast på område med gode og stabile grunnforhold, og ein bør ikkje byggje ut på våtmark, myr, kantsone langs vassdrag og skogsområde då desse økosystema kan medverke til å dempe flaum og negative effektar av klimaendringane. Sjå vedlegg arealrekneskap for omdisponering av areal og klimautslepp.

Samfunnsdelen viser at Bømlo skal kutte sine klimagassutslepp med 80% innan 2030. Kommunen sine mål for berekraft, klima, folkehelse og levekår skal greiast ut i reguleringsplanar. Mellom anna skal utslepps-reducerande/ energieffektiviserande tiltak i byggjefasen, energiløysing, vurdering av gjenbruk av material, nytte material med låge utslepp i eit livsløpsperspektiv og klimatilpassing gjerast greie for. Kommunen har ønske om å utarbeide eigen rettleiar for klima i bygg- og reguleringssaker, som vil vera førande for vidare forvaltning.



Figur 14. Oversikt klimagassutslepp Bømlo kommune. Kjelde: [Vestland fylkeskommune](#).

Samfunnsplanen stadfestar at det ikkje er aktuelt med vindkraftverktbygging på land i Bømlo dei neste åra. Det største potensiale ligg i småskalaproduksjon og utnytting av energi som per i dag går til spille. Solenergi bør bli nytta mykje meir framover. Det skal uansett vere enkelt for private, både næringsliv og husstandar, å velje klimavenlege energiløysingar, som til dømes solpanel på hustak. Solkraft og mindre vindturbinar har gjort inntog i den norske marknaden. Føresegnene i ny plan opnar for etablering av solfangarar, solceller og mindre vindturbinar for private bygg/område. Søknadar om slike tiltak skal handsamast konkret og dei skal ikkje vera i konflikt med reguleringsplanar, kulturminne- og landskapsinteresser. Det er gitt føringar for storleik på vindturbinane for å avgrense verknad for omgjevnaden, og at solcellepanela skal ha ein utsjånad/plassering som gir ei estetisk tilnærming av tiltaket.

Risiko for naturfare er sikra i plankart og føresegnar, der m.a. framtidig klimaforhold skal inkludert i vurderingane. Avklaringar og løysingar for overvatn og framtidig klima er sikra i føresegnene ved bruk av føringar for planlegging og krav om rekkefølge for utbygginga. Det er m.a. gitt føringar for at overvatn skal handterast lokalt og i hovudsak bestå av opne løysingar. Dette er eit viktig prinsipp både for å hindre og redusere risiko for hendingar, men også for klima og økosystem/naturmangfald. Byggjegrænse til sjø og vassdrag medverkar også i å ta i vare vegetasjon/kantvegetasjon som også gir grunnlag for å sikre areal mot flaum.

## 7 Arealrekneskap

Bruk av arealrekneskap er nyttig i kommuneplanarbeidet då dette viser potensiale for utbygging og omfang av nedbygging i ny kommuneplan - sett i lys av gjeldande kommuneplan. Det gir ei oversikt over planlagde endringar i arealdelen, arealreserve for ulike arealføremål, og kva for konsekvensar dette har for t.d. jordvern og strandsoner. I samband med ny arealdel i kommuneplanen er det utarbeidd eit arealrekneskap for utvalde tema som Bømlo kommune meiner er viktige og relevante å belyse. Dette er første gang kommunen tek i bruk arealrekneskap som ein del av overordna arealplanlegging, og gir eit grovt overblikk over arealstatus og -bruk i kommunen. Analysane er eit nyttig verktøy, og bør vidareutviklast i framtidige rulleringar av kommuneplanen. Arealregnskapet er vedlagt som eige notat, for detaljar sjå vedlegget.

*For å redusere utsleppa av klimagassar frå nedbygging av areal, bør det verken bli bygd ut på myr, i skog eller på jordbruksareal. Dersom vi skal nå jordvernmålet utan at desse klimagassutsleppa skal auke, må nedbygging av dyrka jord i stor grad bli erstatta med bygging på allereie bebygde areal eller open fastmark (Utdrag frå Statsforvaltaren i Vestland si [nettside](#)).*

Dagens klima- og naturkrise krev ei anna og meir restriktiv tilnærming til bruken av areal enn tidlegare generasjonar har lagt til grunn. Arealreservane i kommuneplan frå 2013 inkl. reguleringsplanar og demografiske framskrivingar for kommunen gir ikkje eit vesentleg behov for nye utbyggingsareal. Det er med dette bakteppet lagt inn relativt få nye areal i kommuneplanen. Føresegnene er også søkt spissa for m.a. å sikre betre klimatilpassing av nye tiltak.

Dei nye areala som er lagt inn i kommuneplanen er viktige for vidare utvikling i kommunen. Det har vore eit særskilt fokus og prioritering av tilrettelegging for gode næringsområde og utvikling av attraktive lokal-samfunn. Bømlo har lange tradisjonar som ein næringspositiv kommune med sterke grundertradisjonar. Dette er det viktig å ivareta framover, ikkje minst for å leggje til rette for naudsynt innovasjon og det grøne skifte.

Nye areal som er lagt inn i planframlegget er søkt handsama etter prinsipp knytt til samlokalisering og utviding av eksisterande tiltak og busetnad. Ein har søkt å ivareta omsyn knytt til grøne verdiar, naturressursar, friluftsliv og strandsoner. Dette gjeld både for nærings- og private bruksføremål. Det er lagt inn eit mindre tal nye bustadareal, og svært få nye hytteområde. Det er opna for noko spreidd utbygging i kommunen for å legge til rette for liv i bygdene, sjølv om dette vil medføre høgare transportbehov. Naust er i hovudsak tillate som fortetting eller utviding av eksisterande område.

## 7.1 Arealbruk i kommuneplan 2013 og ny kommuneplan

Tabellen viser hovudarealføremål uavhengig av utbyggingsstatus:

Hovudføremål	Totalt KPA 2013, daa	Totalt KPA 2023 daa*	Totalt Arealinnspel/nye arealføremål, daa**
1. Busetnad og anlegg	13 380	24 329	909
2. Samferdsel og teknisk infrastruktur	508	3 881	0,7
3. Grønstruktur	3 629	3 514	40
4. Forsvaret	0	0	0
5. Landbruk-, natur- og friluftsliv	225 463	204 284	707
6. Bruk og vern av sjø og vassdrag	493 604	397 710	1 315

\*Generelle arealføremål knytt til godkjente reguleringsplanar er inkludert i desse areala.

\*\* Arealinnspel/nye arealføremål: Dette er areal som er endra i høve til kommuneplan frå 2013 og har framtidig arealstatus.

## 7.2 Arealrekneskap for fagtema

Her er ei forenkla framstilling av fagtema som arealrekneskapet har sett på. Tala må sjåast i lys av vedlagt Arealrekneskap og Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Arealrekneskapet viser forholdet mellom nye utbyggingsføremål i ny kommuneplan og kommuneplanen frå 2013, og særleg endringar frå LNF-føremål til utbyggingsføremål.

Arealrekneskapet viser følgjande konflikhtar for nye utbyggingsføremål i kommuneplanen sett i forhold til kommuneplan frå 2013:

- Ny kommuneplan er i konflikt noko mindre dyrka mark (ca. 22daa mindre)
- Ny kommuneplan er i konflikt tilnærma like mykje skog (ca. 11 daa mindre)
- Ny kommuneplan er i konflikt noko mindre myr (ca. 30 daa mindre)
- Ny kommuneplan er i konflikt meir registrerte naturtypar på land (ca. 312 daa meir)
- Ny kommuneplan er i konflikt mindre registrerte marine naturtypar (ca. 224 daa mindre)
- Ny kommuneplan er i konflikt meir registrerte friluftsområde (ca. 64 daa meir)
- Ny kommuneplan er i konflikt med meir areal i 100-metersbeltet/strandsona (ca. 211 daa meir)

Arealrekneskapet viser at ein i ny kommuneplan har gjort endringar som gir eit positivt arealrekneskap for fagtemaa dyrka mark, myr og marine naturtypar. Hovudårsaka til dette er at ubygd utbyggingsføremål er endra til LNF-føremål, og at dette gir grunnlag for mindre omdisponering av dyrka mark, myr og marine naturtypar enn det kommuneplan frå 2013 opna for. Medan for fagtema skog, naturtypar på land, friluftsområde og strandsona gir ny kommuneplan eit negativt arealrekneskap. Altså ny kommuneplan opnar for auka omdisponering av desse fagtema.

Vidare viser arealrekneskapet til ei enkel berekning av klimagassutslepp for ny arealbruk i kommuneplanen. Denne gir følgjande hovudresultat:

- Arealendring frå LNF til utbyggingsføremål (eks. LNF-spreidd)  
Nettoeffekt arealbruksendringens klimaeffekt: Utslipp 7702,3 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter
- Arealendringar frå utbyggingsføremål til LNF-område:  
Nettoeffekt arealbruksendringens klimaeffekt: Utslipp 4202 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter

Direkte samanlikning av omdisponering frå LNF til utbyggingsføremål og utbyggingsføremål til LNF, gir eit negativt utslepp på 2800 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter (7002-4202 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter). Til samanlikning gir det om lag 700 000 kg plast, 12 600 000 km lang flytur for ein person, 14 140 000 km køyretur med bensinbil eller 6 720 fat olje.

## 8 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

I medhald av pbl og forskrift for konsekvensutgreiingar, er verknadene av planforslaget skildra og vurdert. Det er gjennomført konsekvensutgreiingar for dei delane av planframlegget som fastset rammer for framtidig utvikling, og som inneber endringar i arealdelen i høve til gjeldande kommuneplan. Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå, og utarbeida som eigne dokument.

1. Det er for dei ulike tema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. Samla konsekvensar for overordna tema vert vurdert for planframlegget i sin heilskap. Sjå vedlegga Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, samt Overordna konsekvensutgreiing for sjøareal.
2. For konkrete endringar i arealdelen i ny plan er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreia i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar. Sjå vedlegga Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar, samt KU-light.

I samband med rullering av kommuneplanar er det i plan- og bygningslova eit krav om å gjennomføra ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Ved tilrettelegging av nye arealføremål i kommuneplanen sin arealdel, skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket sin lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman utgjere større risiko for kommunen sitt overordna risikobilde, slik at vurderingar også må gjerast for totaliteten av planframlegget. ROS-analysen vert difor gjennomført på to ulike nivå. For begge nivå er det nytta sjekklister for å fange opp flest moglege hendingar og situasjonar.

1. Alle moment vert vurdert og kommentert knytt til totaliteten av planen. Som utgangspunkt og grunnlag for den generelle ROS-analysen er Heilskapleg ROS-analyse Bømlo (2021). Sjå vedlegga Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse, samt Overordna konsekvensutgreiing for sjøareal.
2. ROS-analysen for nye/endra areal er inkludert i konsekvensvurderinga for dei enkelte areala. Sjå vedlegga Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar, samt KU-light.

### 8.1 Konklusjon frå samla vurdering per utgreiingstema

Her er framstilling av konklusjonane per utgreiingstema frå den overordna konsekvensutgreiinga. Konklusjonane må sjåast i lys av vedlagt Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

#### 8.1.1 Naturmangfald

Gjennom konsekvensutgreiingane av enkeltinnspel har naturmangfald blitt ivaretatt ved at fleire innspel har blitt negativt tilrådd eller justert på bakgrunn av arealkonflikt mellom anna med naturmangfald. Det er i all hovudsak nokre næringsinnspel som har blitt positivt tilrådd til tross for vesentleg konflikt med naturmangfald, og det viser tydeleg igjen i arealrekneskapet. Dersom ein ser vekk frå arealendring til næringsområde i Langevåg, er konsekvensane for naturmangfald relativt uendra sett i forhold til kommuneplan frå 2013 og registrerte verdiar. Mange av arealendringane til ny utbyggingsføremål i ny kommuneplan er knytt til bygde område og er av relativt avgrensa storleik. I tillegg til omdisponering til utbyggingsføremål har kommunen starta arbeidet med å vurdere eignaheit for ubygde og eksisterande utbyggingsføremål. Dette har medført at nokre større utbyggingsføremål er endra til LNF-føremål.

#### 8.1.2 Friluftsliv

Når det gjeld enkeltinnspel er den største arealkonflikten eit område for LNF-spreidd fritid, som overlappar med eit svært viktig friluftsområde. Dette området er lagt inn i ny kommuneplan for å ivareta utbygd situasjon, men det skal ikkje opnast for fleire einingar i området. Konsekvensen er såleis uendra. Når det gjeld overlapp mellom dei utvida råstoff/deponiområda på Ersland og svært viktig registrert friluftslivområde vil dette medføre negative konsekvensar for friluftsliv. Samstundes som ein omdisponerer friluftsområde til utbyggingsføremål har ein også sikra at om lag 74 daa friluftsområde er tilbakeført frå utbyggingsføremål til LNF, og alle friluftsområda er synt som omsynssone friluftsliv H530 med tilhøyrande retningslinje. Samla sett er verknaden av planframlegget for friluftsliv vurdert til å vera avgrensa.

### 8.1.3 Landskap

I hovudsak er arealendringane som er lagt inn i planframlegget justeringar eller utvidingar av eksisterande føremål, og endringar i område som allereie er heilt eller dels utbygd. Dei landskapsmessige konsekvensane av endringane er såleis avgrensa. Utvidingane som er gjort i tilknytning til eksisterande næringsområde ved sjø vil ha større negative landskapsmessige konsekvensar, men det må presiserast at alle desse endringane ligg i tilknytning til eksisterande og etablerte næringsområde.

### 8.1.4 Kulturminne/kulturmiljø

Nokre av arealendringane, særleg knytt til utvidingane av dei sjøtilknytte næringsområda, vil medføre negative konsekvensar for registrerte kulturminne. Dette gjeld særskilt for utvidinga av fiskerihamna i Langevåg. Det er elles i stor grad teke omsyn til registrerte kulturminne og kulturmiljø i planframlegget, og dei to KULA-områda i kommunen er sikra ved hjelp av omsynssoner.

### 8.1.5 Naturressursar

I ny kommuneplan vil det vera meir areal som er tilbakeført til LNF enn det som vert omdisponert til reine utbyggingsføremål (utanom LNF spreidd) for dyrka mark. Dette gir såleis eit positivt arealrekneskap. Når det gjeld skogområde er det ei viss omdisponering til utbyggingsføremål i ny kommuneplan, men dette vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar knytt til skogbruk, og skogen som naturressurs.

### 8.1.6 Strandsone

Det er i liten grad lagt inn nye utbyggingsføremål i urørt strandsone. Unntaket er areal for næring, der ein har hatt hovudfokus på behovet for næringsareal til sjø. Utanom næringsføremåla er nye areal innanfor 100-metersbeltet i all hovudsak område som allereie er heilt eller dels utbygd. I mange av desse områda vil det ikkje vera rom for særleg ny utbygging trass i at området no er avsett til byggeføremål. Dette m.a. på grunn av ny byggegrense, tal einingar i LNF-spreidd føremål eller føremålet avgrensar moglege nye tiltak. Det er også ein del areal innanfor 100-metersbeltet som er tilbakeført til LNF i planframlegget, dette utgjør i sum 120 daa.

Strandsonerettleiaren for Vestland og SPR strandsone er nytta i kommuneplanarbeidet. Det har vore fokus på lokaliseringssprinsipp, fortettingstrategi, ivaretaking av urørte område og fastsetjing av byggegrense til sjø. Mange av endringane i planframlegget er i tråd med overordna føringar. Det er likevel område som er utfordrande, og dels er i strid med strandsonevernet. Det gjeld til dømes ein del av næringsområda, som vil medføre negative konsekvensar for strandsoneverdiane i området, både for naturmangfald, kulturmiljø, landskap og friluftsliv. Kommunen har likevel valt å prioritere byggeføremål i desse områda, grunna stor samfunnsmessig nytte.

### 8.1.7 Nærmiljø og stadutvikling - senterstruktur

Bømlo er ein langstrakt kommune med ein relativt oversiktleg struktur med kommunesenter, lokalsenter og bygder (nærsenter). I ny kommuneplan har ein definert senterstrukturen og sett rammer i føresegnene som skal styrke sentera og såleis også lokalisering av ulike type arealbruk. Dette er eit positivt grep for vidare planlegging og forvaltning i kommunen. Det er ikkje gjennomført større strukturelle arealendringar basert på den no definerte senterstrukturen i denne kommuneplanrulleringa. Dette er noko som kommunen vil jobba vidare med gjennom områdeplanar/kommunedelplanar for dei enkelte sentera, samt seinare rulleringar av kommuneplanen der m.a. bustadstruktur vil verta jobba meir med.

### 8.1.8 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje lagt inn nye areal som vil ha direkte konsekvensar for barn og unge, og samla for planframlegget er det relativt få endringar i arealbruk. Føresegnene har fleire punkt som er direkte retta mot barn og unge sine interesser, og såleis styrkar interessene noko sett i forhold til kommuneplan frå 2013. Samla er det ikkje store endringar for barn og unge sine interesser i ny kommuneplan, og konsekvensane av planframlegget er vurdert til å vera uendra samanlikna med kommuneplan frå 2013.

### 8.1.9 Klima og energi

Det er omdisponert mindre myrareal og mindre dyrka mark til utbyggingsføremål i planframlegget med utgangspunkt i kommuneplan frå 2013, noko som medfører ein positiv konsekvens. Når det gjeld skogområde og naturtypar er det omdisponert meir til utbyggingsføremål enn i kommuneplan frå 2013, noko som medfører ein negativ konsekvens. Når det gjeld bustadføremål er det tatt ut og/eller redusert nokre større ubygde bustadføremål, mellom anna på grunn av at dei ligg lite sentralt plassert i forhold til kommunesenter og lokalsenter i kommunen. Dette er positivt mellom anna med omsyn til transportbehov og klimavenleg utbyggingsmønster.

### 8.1.10 Næringsliv og sysselsetting

Det er nye næringsføremål som utgjør dei største endringane i ny kommuneplan. Endringane er lagt inn for å gi høve til utvidingar av eksisterande næringsområde ved sjø. I tillegg til hovudvekt på sjøtilknytte næringsareal er det lagt til rette for areal for fritid og turisme. Desse er i hovudsak lagt i tilknytning til eksisterande tiltak i kommunen, som t.d. Lykling og Kuleseidkanalen. Planomtalen peikar på område for vidare arbeid i komande rulleringar. Overordna strategisk nærings-analyse er ikkje gjennomført i denne rulleringa, men skal løftast fram i neste runde. Den vil såleis sjå kommunen sine behov for nye næringsareal i eit større kommunalt og regionalt perspektiv, og ikkje minst utgreia behova knytt til det grønne skiftet. Dei endringane som ligg til planframlegget knytt til næringsliv representerer auka moglegheiter og større fleksibilitet for konkrete område og bransjar, og planframlegget er såleis vurdert til å ha positive konsekvensar for næringsliv og sysselsetting.

### 8.1.11 ROS-analyse

I juni 2021 vedtok Bømlo kommune Heilskapleg ROS-analyse. Rapporten handlar i utgangspunktet om dei hendingane som enten har størst sannsyn for å oppstå og/eller er å anta vil kunne påføra Bømlosamfunnet størst konsekvensar dersom dei inntreffer. Hendingane som er omtala er overordna og knytt til hovudtema naturhendingar, storulykke, kritisk infrastruktur, tilsikta hendingar, samt dyr/landbruk, fiskeoppdrett sjø. Analysane i kommuneplanen (arealendring eller overordna) har ikkje avdekket at det vil vera uakseptabelt å tilrå arealinnpela eller ny kommuneplan. Føresegnene sikrar saman med plankartet tilhøve til naturfare og menneskeskapte hendingar t.d. dokumentasjon på trygt byggeland for flaum/ skred/ områdestabilitet /stormflo og trafikksikre løysingar. I nytt kommuneplankart er følgjande omsynssoner som er relevant for risiko, sårbarheit og beredskap teke inn: Nedslagsfelt for drikkevatt (H110), støysone (H210-220), ras- og skredfare (H310) og flaumfare (H320). Vidare er alle godkjente reguleringsplanar regulert slik at dei vil gjelde saman med kommuneplanen, vist i plankartet med føresegnssområde #5. Føresegnene gir at ved ev. motstrid skal føringar i kommuneplanen gjelde framfor reguleringsplanen. Døme på motstrid er der forhold til naturfare ikkje er vurdert eller avklart i reguleringsplanen. Da skal aktuell naturfare vera utgreidd/dokumentert før det kan gis løyve til ny utbygging eller endring av eksisterande bygg.

## 9 Samla verknad av planen

Samfunnsdelen har fastsett tre grunnleggande planprinsipp:

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn

Og peika ut fire hovudutfordringar for Bømlo kommune:

- Tilflytting, rekruttering og inkludering
- Naturbasert kystliv
- Bustadkvalitetar
- Differensiert og nyskapande næringsliv

I tabellen under er det skildra korleis arealdelen byggjer opp under kommunen sine planprinsipp og hovudutfordringar, samt relevante berekraftsmål.

 <p>2 UTRYDDE SULT</p>	<p><b>Utrydde sult, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk.</b></p> <p>Samfunnsplanen peiker på at landbruksdrift og levande grender er ein del av kommunen si historie. Det same er kulturlandskapet og kystlyngheiområda. Lokal matproduksjon, i liten og stor skala, er positivt både med tanke på klima og beredskap. Det er difor ein må oppretthalde landbruket. Det er i ny plan lagt vekt på at nye utbyggingsområde ikkje skal legge beslag på dyrka jord eller viktige beiteområde. Relativt få nye utbyggingsområde medfører omdisponering av dyrka jord, og ny plan har sikra noko meir dyrka mark enn grunnlaget i kommuneplan frå 2013 (sjå kapitel 7). Føresegnene sett krav om matjordplan ved omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord. Det vert lagt til rette for busetting i heile kommunen gjennom å opne for bygging i LNF-spreidd område.</p> <p>Samfunnsplanen peiker på at marine næringar som fiske og akvakultur er ein del av den historiske identiteten til Bømlo og er samstundes framtidretta næringar. Ny plan legg til rette for utvikling av akvakulturføremål på land og i sjø, som medverkar til matproduksjon utover Bømlo kommune sine grenser.</p>
 <p>3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET</p>	<p><b>Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder</b></p> <p>Bømlo har mål om å vera ein grøn kommune der alle skal ha rik tilgang på både blå og grønne område. I ny plan er det vidareført og avsett nokre nye areal til friområde og grønstruktur. Samfunnsdelen peiker på at både klimamål og folkehelseutfordringar kan bli løyst med ein god bustadstrategi, og at kommunen skal satse på sjønære bustad-, nærings- og friluftsområde for å fremje positiv folketalsutvikling. På Bømlo skal ein kunne leve heile livet, og det skal vera eit aldersvenleg samfunn. Samfunnsplanen peiker også på at kommunen skal vera kjent for sosiale og gode næringstilhøve, som m.a. inneber nærleik til friluftsområde og barnehagar. Nye bustadområde er lokalisert i nærleik av senterområde der ein i dag har sosiale tenester/tilbod, tilrettelagt infrastruktur som fremjar tryggleik for gåande og syklende (fortau/GS-vegar/snarvegar). Det er korte avstandar til natur og friluftsområde for alle sentera i kommunen. Vidare er det sett krav til opparbeiding av sosiale møteplassar i senter- og bustadområde (MUA). Desse forholda gir eit grunnlag for god folkehelse og gjera kommunen attraktiv å bu i for alle generasjonar.</p> <p>Samfunnsplanen peiker på at ein ønskjer å trekke lokalsamfunnet ned mot sjøen. Ålmenta sin tilgang til sjøen skal vere eit gjennomgåande krav. Det er regulert relativt få nye føremål i strandsona som har ein allmenn verdi og er sårbar for</p>

	<p>ytterlegare utbygging. Samstundes gir planen grunnlag for utvikling ved at det er sett konkret byggjegrænse eller krav om reguleringsplan for ubygde område. Kulturminneplanen frå 2021 peikar på at Øyriket Bømlo, med sine 1000 små og store øyar, har ein rik og mangfaldig historie. Nærleiken til sjøen og ressursane i havet har sete sitt preg på både menneske, kultur og kulturlandskap. Kjente og ukjente kulturminne, samt kartfesta kulturmiljø i kulturminne planen er sikra i ny kommuneplan som kjelde for kunnskap og opplevingar.</p>
<p><b>6</b> RENT VANN OG GODE SANITÆRFORHOLD</p> 	<p><b>Sikre berekraftig vassforvaltning, tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle</b></p> <p>Nedslagsfelt for drikkevatt er sikra med omsynssoner og føresegner. Vidare er det sett byggjegrænse mot vassdrag og sjø (saltvatn), som sikrar m.a. kantvegetasjon til vassdrag. Det er sett krav om at kommunen si til kvar tid gjeldande VA-norm skal nyttast i planlegging og prosjektering, samt at overvatn skal sikrast handtert.</p>
<p><b>9</b> INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p> 	<p><b>Byggje solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon</b></p> <p>Samfunnsdel og planprogram til arealdelen peiker på at kommunen skal medverke til vekst og utvikling i eksisterande næringsliv og at ein skal ha fokus på gode næringsareal kombinert med god tilgang til bustad, service, tenester, grøntområde i lokalsamfunnet. Det er peika på at arealdelen må vera fleksibel i høve til næringsutvikling, og at det er ynskjeleg med næringsutvikling til sjø. Desse forholda skal danne grunnlag for eit framleis differensiert, berekraftig og nyskapande næringsliv dei neste 30 åra. Planprogrammet peikar også på at det skal leggjast til rette for utvikling av næringsverksemd i form av turisme og reiseliv. Ny plan fremjar utvikling av eksisterande næringsområde. Fleire av områda er av skala og lokalisering som gir grunnlag for klyngeetableringar og innovasjon. Det er også teke inn nye få nye areal for eksisterande og framtidige turistanlegg, som vil kunne byggje opp under etablerte verksemdar og lokalsamfunn. Tiltak og prosjekt som ligg i Bømlopakken er teke inn i plankartet som godkjente reguleringsplanar eller framtidig veglinje. Vidare skal kommunen si til kvar tid gjeldande VA-norm nyttast i planlegging og prosjektering. Desse gir ein framtidig tryggleik for god infrastruktur i kommunen.</p>
<p><b>11</b> BEREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN</p> 	<p><b>Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige</b></p> <p>Samfunnsplanen peiker på at det er senterområda som gir best moglegheiter for å fremje kystlivet når bustadområde skal utviklast, tilføre sentrums kvalitetar, tenester og arbeidsplassar. Senterstrukturen i kommunen er definert som del av planarbeidet. Svortland skal vera kommunesenter, og vidare er lokalsentera og nærsenter definert. Føresegner gir rammer for kvalitet og type verksemdar som skal prioriterast i desse områda. Nye bustadområde er lokalisert nær desse senterområda for å utnytte m.a. eksisterande infrastruktur og tenester. Føresegnene peiker på fleirmannsbustadar i/nær senterområde. Dette er type bueining som vil kunne vera gode alternativ for m.a. nyetablerarar.</p> <p>Framskrivning av folketal og alderssamansetnad teiknar eit negativt bilde for kommunen. For å kome dette i møte må kommunen ha tilgang på bustadar og ha eit mangfald av næringsliv, tenester som gir stabile arbeidsplassar. Planen fremjar utvikling av eksisterande senterområde, næringsområde, LNF-spreidd i bygdene, samt grunnlag for t.d. oppdrettsnærings og fiskeri. Mellom anna er nye næringsområde for kystfiske teke inn i planen.</p>

<p><b>13</b> STOPPE KLIMAENDRINGENE</p> 	<p>Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei</p> <p>Samfunnsplanen peiker på reduksjon av dagleg transportbehov vil vere eit viktig tiltak for å nå lokale utsleppsmål. Vidare at kommune skal legge til rette for meir gange og ikkje motorisert ferdsel, samt byggje ladeinfrastruktur til elbilar. Føresegnene i ny plan sett krav i kommune- og lokalsentera til ladetasjonar, og for hamneføremål at det bør etablerast ladeanlegg. I mobilitetsplan for offentlege teneste, handel etc. skal behov for ladestruktur analyserast.</p> <p>Samfunnsplanen viser til at det for kommunen er havnivåstigning, overvatn, stormflo, stormvêr, tørke og tørre somrar som kan verta meir krevjande i framtida. Tiltak langs sjøen må ta høgde for auka havnivå. Både eksisterande og nye område må vere rusta for større mengde med overvatn. Alle område for nybygg og transformasjon, samt infrastruktur må vere dimensjonert for kraftig stormvêr og større nedbørsmengder.</p> <p>Retningslinje i ny plan sikrar at klimamål og klimaplanar skal leggjast til grunn ved all planlegging. Det er sett krav om at framtidige klimaendringar skal takast omsyn til i all planlegging og bygging. Krav til at naturbaserte løysingar for handtering av overvatn skal vurderast og prioriterast. Det er gitt opning for å vurdere å heve eldre bygningar ved sjø (naust) slik at dei ikkje vert utsett for stormflo/bølgjepåverknad/havnivåstigning. Område registret i offentlege databasar som aktsemdsområde for naturfare (t.d. flaum, skred, stormflo, marin grense) er inkludert i plankart og/eller føresegner.</p> <p>Samfunnsdelen viser at Bømlo skal kutte sine klimagassutslepp med 80% innan 2030. Det er lagt til relativt lite areal som medfører omdisponering frå myr, skog, våtmark og innmark til utbyggingsføremål. Arbeid med å <i>rydde</i> i eksisterande kommuneplan og reguleringsplanar er starta på, og må jobbast vidare med i neste rullering av kommuneplanen.</p>
<p><b>14</b> LIVET I HAVET</p> 	<p>Bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjar berekraftig utvikling</p> <p>Samfunnsplanen peiker på at ein må planlegge for framtida med plass for ny teknologi og nye arter og dyrking av artar på fleire trofiske nivå. Akvakultur av laks og nye artar som marin fisk, tang, tare, sjøpung, skjel og andre organismar må skje i samspel med næringa. Vidare at all næringsverksemd skal vere berekraftig og at dei miljømessige utfordringane med akvakultur ønskjer kommunen å løyse i samarbeid med næringa.</p> <p>Planen legg til rette for utvikling av akvakulturføremål med etablert drift (godkjent lokalitet), sikrar kartfesta fiskeområde og område for ferdsel (inkl. opplag/ankring).</p>
<p><b>15</b> LIVET PÅ LAND</p> 	<p>Verne, gjenopprette og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald</p> <p>Planen fremjar omsynssone for friluftsliv, naturmangfald og kulturminne/-miljø/-landskap. Føresegner og byggjegranser gir rammar for naturinngrep. Blågrøn struktur, i dette overvatn og vegetasjon, er sikra teke i vare gjennom krav til rekkefølge for utbygging.</p>

## 10 Vedlegg

- Planprogram vedteke 15.02.2021
- Bustadoversikt 2021, Bømlo kommune
- Byggjegrænse 2023, Bømlo kommune
- Politisk saksframlegg om strandsona 2021, Bømlo kommune
- KU-light 2023, Bømlo kommune
- Vurdering av gjeldande reguleringsplanar 2023, Bømlo kommune
- Senterstruktur, 2023, Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse arealendringar 2023, Bømlo kommune og ABO Plan & Arkitektur Stord
- Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse 2023, ABO Plan & Arkitektur Stord
- Overordna konsekvensutgreiing og ROS-analyse for sjøareal 2023, ABO Plan & Arkitektur Stord
- Arealrekneskap 2023, ABO Plan & Arkitektur Stord